




Rv. 15 Strynefjellet med arm til Geiranger

Samla oppsummering av innspel mottekne ved varsling om oppstart og planprogram for begge kommunedelplanane

Stryn kommune, Skjåk kommune og Stranda kommune



Innholdsfortegnelse

INNSPEL SAMMENFATTA – SKJÅK KOMMUNE 1

| | |
|---|----|
| 1. Statsforvaltaren i Innlandet..... | 1 |
| 2. Innlandet fylkeskommune..... | 2 |
| 3. Skjåk kommune..... | 5 |
| 4. NVE – samla uttale for rv. 15/fv. 63 inkl. masselager i Stranda..... | 6 |
| 5. NVE – uttale masselagring Skjåk og Stryn..... | 9 |
| 6. Breheimen nasjonalparkstyre..... | 11 |
| 7. Villreinnemnda for Renheimen-Breheimen..... | 12 |
| 8. Skjåk Almenning..... | 13 |
| 9. Renheimen Breheimen Villreinutval..... | 14 |
| 10. Lom kommune..... | 14 |
| 11. Riksantikvaren..... | 15 |
| 12. Breidablikk hytteeigarforening..... | 15 |
| 13. Vevig AS..... | 17 |
| 14. Birdlife Oppland..... | 17 |
| 15. Mattilsynet..... | 17 |

| | |
|---|----|
| 16. Norsk Lastbileier-Forbund (NLF), region 2, Innlandet..... | 19 |
| 17. Norsk Lastebileier-Forbund, region 5..... | 19 |
| 18. Thomas Berg..... | 20 |
| 19. Haldor Hove..... | 20 |
| 20. Steinar Glomnes..... | 21 |
| 21. Erik Skogen..... | 22 |
| 22. Per Bårdshaug..... | 24 |
| 23. Stein Are Bergheim..... | 24 |

INNSPEL SAMMENFATTA – STRYN KOMMUNE 27

| | |
|---|----|
| 1. Statsforvaltaren i Vestland..... | 27 |
| 2. Vestland fylkeskommune..... | 28 |
| 3. NVE – samla uttale for rv. 15/fv. 63 inkl. masselager i Stranda..... | 30 |
| 4. NVE – uttale masselagring Skjåk og Stryn..... | 33 |
| 5. Stryn kommune..... | 36 |
| 6. Oppstryn Bygdeutviklingslag..... | 37 |
| 7. Oppstryn Bondelag..... | 38 |

| | | | | | |
|--|---|----|---|--|----|
| 8. | Hjelledalen Kraftlag AS, org.nr. 988088994..... | 38 | 26. | Møre og Romsdal fylkeskommune | 56 |
| 9. | Margaret Skåre | 39 | 27. | Vestnorsk Fjordlandskap..... | 60 |
| 10. | Gunnar Harstad..... | 40 | 28. | Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen..... | 62 |
| 11. | Nina og Mark Watkins..... | 40 | 29. | NVE – samla uttale for alle tre kommunar | 64 |
| 12. | Thomas Berg | 42 | 30. | Direktoratet for mineralforvaltning | 67 |
| 13. | Steinar Glomnes..... | 42 | 31. | Statsforvaltaren i Innlandet..... | 67 |
| 14. | Haldor Hove | 42 | 32. | Geiranger veginvest AS..... | 69 |
| 15. | Kari-Ann Kaspersen | 43 | 33. | Geiranger Skysslag AS | 70 |
| 16. | Are Auflem Tenden..... | 44 | 34. | Linja AS | 70 |
| 17. | John-Magne Erdal..... | 46 | 35. | Gode vegar AS..... | 71 |
| 18. | Knut-Olav Øvreeide..... | 47 | 36. | Jon Axel Ø. Solhaug o Oddbjørg M.E. Solhaug. | 72 |
| 19. | Ingolf Folven..... | 47 | 37. | Gunhild Ørjasæter og Svein-Erik Bjerkan..... | 75 |
| 20. | Lillian Rose Bolstad..... | 49 | 38. | Thomas Berg..... | 77 |
| 21. | Kolfinn Roar Bolstad..... | 50 | INNSPEL SAMMENFATTA - MASSELAGER | 78 | |
| 22. | Mons Rune Guddal..... | 50 | Skjåk kommune..... | 78 | |
| 23. | Rolf Olav Gjørven | 50 | 39. | Statsforvalteren i Innlandet..... | 78 |
| 24. | Per Olav Faleide..... | 51 | 40. | Direktoratet for mineralforvaltning | 79 |
| INNSPEL OPPSUMMERT – STRANDA KOMMUNE..... | 53 | | 41. | Statens vegvesen, Norsk vegmuseum..... | 79 |
| 25. | Statsforvaltaren i Møre og Romsdal..... | 53 | 42. | Skjåk kommune..... | 80 |

| | | | | | |
|---------------------|---|-----|--------------------|---|-----|
| 43. | Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) ... | 80 | 59. | Hjelle hotell | 98 |
| 44. | Skjåk Almanning | 81 | 60. | Oppstryn Bondelag m/Rolf Olav Gjørven | 99 |
| 45. | Breheimen nasjonalparkstyre | 82 | 61. | Norske lakseelver | 100 |
| 46. | Breidablikk hytteeierforening | 82 | 62. | Asbjørn Berge | 101 |
| 47. | Birdlife Oppland | 83 | 63. | Ingolf Folven | 102 |
| 48. | Stein Are Bergheim | 83 | 64. | Reidar Gjørven | 103 |
| 49. | Per Bårdshaug | 87 | 65. | Sverre Guddal | 104 |
| 50. | Erik Skogen | 87 | 66. | Einar T. Sundal | 105 |
| 51. | Steinar Glomnes | 87 | 67. | Vivian Guddal | 105 |
| Stryn kommune | 88 | 68. | Cato Gjørven | 106 | |
| 52. | Direktoratet for mineralforvaltning | 88 | 69. | Lasse Erdal | 108 |
| 53. | Statens vegvesen, Norsk vegmuseum | 88 | 70. | Kari-Ann Kaspersen | 108 |
| 54. | Statsforvalteren i Vestland | 89 | 71. | Are Auflem Tenden | 109 |
| 55. | Vestland fylkeskommune | 94 | 72. | John Magne Erdal | 110 |
| 56. | Stryn kommune | 96 | 73. | Knut Olav Øvreeide | 110 |
| 57. | Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) ... | 96 | 74. | Margaret Skåre | 111 |
| 58. | Jostedalsbreen nasjonalparkstyre | 98 | 75. | Gunnar Harstad | 112 |

INNSPEL SAMMENFATTA – SKJÅK KOMMUNE

| 1. Statsforvaltaren i Innlandet | Vår ref.: 25/294369-49 |
|---|---|
| <p><u>Fråsegn samanfatta:</u></p> <p>Statsforvaltaren er positiv til prosjektet men stiller tydelege krav til:</p> <ul style="list-style-type: none"> • val av tunnelalternativ som skånar villrein mest mogleg (B3) • grundig kartlegging av natur og vassdrag • tilpassing til klimaendringar og løysningar for redusert klimagassutslepp • fokus på masse- og forureiningshandtering • grundig ROS-arbeid, inkludert beredskap og omkøyringsløysingar • plan for etterbruk av gammal veg parallelt med tunnelplanlegging • ROS-analyse, skal utarbeidast i tråd med DSB sin rettleiar «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging» <p><u>Villrein er det mest styrande omsynet, alternativ B3 er klart føretrakt</u></p> <p>Nye nasjonale føringar gjer villreinomsynet særleg tungtvegande. Dagens rv.15 ligg i kalvingsområde og viktige trekkpassasjar. Tunnel gir klart redusert forstyrring og blir vurdert som svært positivt. B3 har klart minst konflikt med villrein og trekkpassasjar.</p> <p><u>Etterbruk av gammal veg er avgjerande for samla effekt</u></p> <p>Restaurering av gammal veg tilbake til natur er sterkt tilrådd for å fjerne barriere og sikre samanhengande villreinområde. Dersom vegen ikkje blir restaurert, må bruken av vegen strammast kraftig inn (fart, parkering, opningstid, vinterdrift).</p> <p><u>Kunnskapsgrunnlaget må styrkast utover villrein, vassmiljø og fisk krev tydelegare vurderingar</u></p> <p>Det er behov for meir naturtypekartlegging i Breiddalen, særleg knytt til anleggsområde, masselager og parti av veg i dagen. Manglande kunnskap om andre naturverdiar representerer ein planrisiko.</p> | <p><u>Fråsegna omfattar alle tre kommunar.</u></p> <p>Fråsegna vert teken til etterretning og vil bli følgt opp i konsekvensutgreiinga og det vidare planarbeidet.</p> <p>For endringar i planprogrammet sjå vedlegg 1.</p> |

| | |
|---|--|
| <p>Planen må vise effekt på vassdrag, strandsone, kantvegetasjon og fiskebestandar, og avklare om nokon alternativ kan vere i strid med regelverket.</p> <p><u>Massehandtering og samfunnstryggleik må avklarast tidleg</u> Geologi og massehandtering er kritiske premisser og må inngå i KU og ROS. Samfunnstryggleik, tunnelstenging, omkøyning og beredskap (inkl. Forsvaret sine interesser) må vere godt dokumentert.</p> | |
| <p>2. Innlandet fylkeskommune</p> | |
| <p><u>Fråsegn samanfatta:</u></p> <p><u>Planprosess</u> Planarbeidet må byggje på overordna lov- og planverk, med regionale planar/strategiar og relevante føresegner frå kommuneplanens arealdel som grunnlag.</p> <p><u>Klima, miljø og naturmangfold</u> <u>Villrein (særleg tungtvegande):</u> Det blir lagt stor vekt på strenge omsyn til villrein i planlegging av ny infrastruktur og tunnelpåhogg bør plasserast lengst mogleg aust (alternativ B3) for å betre utvekslinga mellom villreinområda Reinheimen og Breheimen. Løysingar som reduserer barrierar for reinstrekk blir framheva som særleg viktige. Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet og Meld. St. 18 (2023–2024) legg til grunn ein høg terskel for nye inngrep i villreinområde. Nye inngrep skal i størst mogleg grad unngåast, og der utbygging er nødvendig må det stillast krav som tek omsyn styring av ferdsel og menneskeleg aktivitet, både i anleggs- og driftsfasen.</p> <p><u>Vassmiljø</u> Vurderingar i trå med vassforskrifta og regional vassforvaltningsplan. Viktig at planarbeidet synleggjer konsekvensar for vassmiljø, vurderer risiko for avrenning og forureining, og klargjer om massane er tenkte nytta til gjenbruk eller permanent deponerte.</p> <p>Masselagring i eller nær vassdrag kan få negative konsekvensar for økologisk tilstand og konektivitet, særleg i Langvatnet og Breiddalsvatnet. Tiltak må ikkje hindre at vassførekomstane når</p> | <p>Vår ref.: 25/294369-57</p> <p><u>Fråsegna omfattar alle tre kommunar, både rv. 15 og masselagre.</u></p> <p>Fråsegna vert teken til etterretning og vil bli følgt opp i konsekvensutgreiinga og det vidare planarbeidet.</p> <p>For endringar i planprogrammet sjå vedlegg 1.</p> |

fastsette miljømål. Det blir stilt spørsmål ved om lagring av massar i ferskvatn er formålstenleg, særleg dersom massane ikkje skal gjenbrukast. Fylkeskommunen understrekar at massar må vere reine, og at planlegginga må vise korleis avrenning og påverknad på vassmiljø skal avgrensast, både for deponi i og langs vassdrag og for masselager på land.

Kulturarv og landskap

Strynefjellet aust er KULA-område av nasjonal verdi. Landskap, historiske ferdselsårer og freda Nye Strynefjellsveg må få høy prioritet. Også fjernverknader av ny veg og fragmentering av kulturlandskapet må vurderast. Behov for tidlig dialog om arkeologiske registreringer når planområdet er endelig fastsatt.

Viser til punkter fra KULA-rapporten:

- *Det er viktig å ta vare på heilskapen i ferdselslandskapet og dei vegrelaterte kulturminna (smier, brakker, stein og grustak osv.). Føringar for dette bør vere med i ein framtidig forvaltningsplan.*
- *Framtidig forvaltningsplan for begge vegar (Gamle og Nye Strynefjellsveg) bør følgjast opp med retningslinjer og føresegner i arealplanar.*

Friluftsliv

Hamseviki (FK00046300) er eit viktig friluftslivsområde som delvis rører planområdet. Prioriter samanhengar for ferdsel, turvegar, passasjar og opplevingsverdiar.

Samferdsel og samfunnstryggleik

Svært lang tunnel stiller høge krav til ROS, tryggleik og beredskap (rømmingsløyser, køyreoppleving, ventilasjon, sløkkevatn, naudnett og styringssystem). Behov for å redusere samla risiko og sårbarheit på fjellovergangen. Rv. 15 er vêrutsett. Det bør vurderast venteplassar og tiltak for godstransport. Planområdet bør eventuelt utvidast.

Funksjon, framtidig bruk og eigarskap til dagens rv. 15 er eit viktig tema som bør inngå i planarbeidet, mellom anna med tanke på beredskap, omkøyning, vedlikehald og eventuell bruk for syklende. Det må også belyses framtidig funksjon og betydning av dagens rv. 15 for fylkeskommunen.


Fv. 63 Geirangervegen er nasjonal turistveg. De saknar ei omtale av korleis dette skal omtales og takast omsyn til i den vidare planlegginga. Det må også bli synleggjort konsekvensar dersom tunnelarm ikkje blir prioritert.

Planprogrammet bør belyse korleis ny rv. 15 kan redusere sårbarheit ved uvêr/stenging. Det kan vere aktuelt å utvide planområdet for funksjonelle oppstillings-/venteplassar for tungtrafikk i begge endar.

Massedeponi (masselager) i Skjåk og Stryn

Innlandet fylkeskommune støttar ei brei kartlegging av moglege massedeponi, med seinare siling basert på grundige konsekvensutgreiingar. Plassering av deponi i Skjåk og Stryn bør vurderast ut frå behov og moglegheiter knytte til utbygginga av rv. 15, inkludert rassikring og tilhøyrande tiltak. Fylkeskommunen meiner særleg at deponia ved Langvatnet (1-1) og Oppljostunnelen/Langvatnet (1-2) bør utgreiast vidare, og at planområdet ved Langvatnet (1-1) bør utvidast til fylkesgrensa for å sikre fv. 63. Eksisterande tunnelar på rv. 15 bør ikkje nyttast som massedeponi og kan silast ut, medan det kan vere aktuelt å bruke massar til ytterlegare rassikring, til dømes i Grasdalen.

Figur under viser trekkområde for villrein i Breiddalen (blått felt):



| | |
|---|--|
| <h3>3. Skjåk kommune</h3> | Vår ref.: 25/335907-18 |
| <p><u>Uttale samanfatta:</u></p> <p><u>Vegstandard og tunnelalternativ</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Vegstandard og tunnelprofil (T13) må dimensjonerast for tungtransport og beredskap, inkludert militær forflytting. • Skjåk kommune meiner alternativ B3 er det beste løysingsvalet, då dette legg tunnelen lengst mogleg aust i Breiddalen, minimerer konflikt med villrein og gir betre trafikkforhold vinterstid. • Dersom B3 ikkje er gjennomførbart, blir alternativ B2 vurdert som nest beste løysing. • Villrein og naturmangfald • Skjåk kommune legg stor vekt på å ta vare på reinstrekket frå Lægervatnet og vestover. • Tunnelalternativ B3 er best eigna til å ivareta dette. • Massedeponi mellom Geirangerkrysset og brøytetasjonen må unngåast av omsyn til villrein og kulturminne. <p><u>Gamle vegar, beredskap og reiseliv</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Eksisterande rv. 15 bør fortrinnsvis sanerast og tilbakeførast til naturen. • Dersom vegen blir ståande, må det innførast klare restriksjonar på bruk. <p><u>Lokal verdiskaping og kompensasjon</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Anleggsperioden vil gi auka trafikk og belastning; kommunen ber om god informasjon og tett dialog gjennom heile prosessen. • Det bør vurderast korleis anleggsdrifta kan gi lokal verdiskaping. • Det må vurderast kompensasjon for ulemper for berørte interessentar. • For brakkerigg bør eksisterande vatn- og avlaupsløysingar ved Grotli hotell vurderast for å redusere miljøpåverknad og kostnader. <p><u>Avslutning</u></p> | <p><u>Uttala omfattar Rv. 15 med arm til Geiranger og masselagre i Skjåk kommune.</u></p> <p>Fråsegna vert teken til etterretning og vil bli følgt opp i konsekvensutgreiinga og det vidare planarbeidet.</p> <p>For endringar i planprogrammet sjå vedlegg 1.</p> |

| | |
|---|---|
| <p>Skjåk kommune støttar ei vintersikker og trygg vegløyising over Strynefjellet som tek vare på villrein, natur og lokal identitet. Alternativ B3 blir støtta, og tunnelmassar bør nyttast på ein måte som gir varig nytteverdi. Gode deponiløysingar, naturrestaurering og open dialog blir vurdert som avgjerande for eit vellukka prosjekt</p> | |
| <p>4. NVE – samla uttale for rv. 15/fv. 63 inkl. masselager i Stranda</p> | <p>Vår ref.: 25/294369-52</p> |
| <p>Innspel samanfatta:</p> <p>Overordna vurdering</p> <ul style="list-style-type: none"> • NVE har ikkje delteke i KVU-prosessen og manglar grunnlag for å vurdere tunnel- og påhoggsalternativ før konsekvensutgreiingar ligg føre. • Planprogrammet opnar for nye løysingar. NVE spelar inn at påhogg på sørsida av Hjelledøla bør vurderast for å unngå ei ny kryssing av verna vassdrag. • Eventuelt massedeponi ved Koppbola (Stranda) må utgreiast nærare med omsyn til vassdragsmiljø og vernekriteria for Geirangerelva. <p>Vassdragsmiljø, vassdrag og grunnvatn</p> <p>Generelle føringar</p> <ul style="list-style-type: none"> • NVE rår sterkt til at planarbeidet unngår alternativ som inneber inngrep i eller ved vassdrag. • Tunnelpåhogg og massedeponi kan påverke grunnvatn, noko som må utgreiast etter vassressurslova. <p>Krav til konsekvensutgreiinga</p> <p>KU må vere tydeleg på om planen inneber:</p> <ul style="list-style-type: none"> • inngrep i vassdrag, flaumsone eller kantsona • verknader for allmenne interesser som: <ul style="list-style-type: none"> ○ fiskens frie vandring ○ friluftsliv og ferdsel ○ biologisk mangfald ○ vitskapleg verdi ○ kultur og landskap | <p><u>Uttale omfattar rv. 15/ fv. 63, inkl. masselager i Stranda.</u></p> <p>Innspel vert teken til etterretning og vil bli følgt opp i konsekvensutgreiinga og det vidare planarbeidet.</p> <p>Utgreiing av påhogg på sørsida av Hjelledøla utgår på grunn av rasfare. I tillegg vil tunnelen bli betydeleg lenger.</p> <p>For endringar i planprogrammet sjå vedlegg 1.</p> |

- jordvern
- flaum- og skredtryggleik
- Mogleg avbøtande tiltak skal synleggjerast.
NVE påpeikar at vurderingar av allmenne interesser ofte blir fragmenterte og ber om tydelegare framstilling.

Verna vassdrag

Planområdet omfattar:

- Strynevassdraget (Stryn) – verna etter Verneplan IV
- Geirangerelva (Stranda) – verna etter Verneplan IV

Krav:

- Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag skal leggjast til grunn.
- Arealbruk må ikkje redusere verneverdiane.
- Vurdering av vernegrnlaget skal inngå i KU.

Vassdrag i plankart og planføresegner

NVE krev at:

- alle vassdrag skal merkast tydeleg i plankart
- arealformålet Bruk og vern av sjø og vassdrag (pbl. § 11-7 nr. 6) skal nyttast
- krav til kantvegetasjon (vrl. § 11) skal fastsetjast

Formålet er å sikre styring med vassdragsnære areal og unngå inngrep som skadar vassmiljøet.

Massedeponi

Konsekvensar av deponering må vurderast med omsyn til:

- naturfare (flaum, erosjon, skred)
- vassdrag og grunnvatn
- verna vassdrag
- terrengforming og langtidseffektar

NVE forventar at massedeponi med mogleg konflikt mot vassdrag blir grundig analysert.

Flaum, skred og overvatn

Flaum

- Kryssingar og utfyllingar i elver/flaumsoner kan auke flaum- og erosjonsfare.
- Tiltak må ikkje påføre andre ulemper (vrl. § 5, TEK17 § 7-1).
- NVE rår til tidleg flaumberekning før traséval, basert på klimaframskrivne data.

Overvatn

- Auka harde flater kan gi raskare avrenning og større flaumtoppar nedstraums.
- NVE viser til Rettleiar 4/2022 for overvasshandtering.

Skred i bratt terreng

- Store delar av planområdet ligg i aktsemdsone for skred.
- Faglege vurderingar må utførast etter NVE sin rettleiar for kartlegging av skredfare.

Energianlegg

- Planprogrammet omtalar mogleg ny kraftforsyning til Geiranger via tunnel.
- Planarbeidet må avklare om tiltak krev konsesjon etter energilova.
- Konsesjonsbehandling for straumnett er tidkrevjande og må planleggjast.
- Kraftleidningar med konsesjon skal merkast som omsynssone H740.
- Mindre anlegg innan områdekonsesjon kan førast som teknisk infrastruktur.

Generelle råd frå NVE

NVE anbefaler at kommunen nyttar:

- NVE sine nettressursar for arealplanlegging
- Kartbasert rettleiar for kommuneplanens arealdel

Alle relevante NVE-interesser skal vurderast i planarbeidet.

Kort sluttoppsummering

NVE understrekar behovet for:

- å unngå inngrep i vassdrag og flaumsone
- å vurdere alternativ på sørsida av Hjelledøla for å unngå kryssing av verna vassdrag
- tydelege og samla KU-vurderingar av vassdragsmiljø, verna vassdrag og naturfare
- tidleg flaumberekning og skredkartlegging

| | |
|--|--|
| <ul style="list-style-type: none"> • avklaringar knytt til kraftforsyning og konsesjonar • korrekt bruk av plankart og riktige arealformål <p>Samla sett er hovudbodskapen frå NVE: varsemd, tydelege KU-vurderingar og unngå inngrep i verna og sårbare vassdragssystem.</p> | |
| 5. NVE – uttale masselagring Skjåk og Stryn | |
| <p>Innspel samanfatta:</p> <p>Overordna vurdering NVE meiner planprogrammet identifiserer relevante tema, men peikar tydeleg på at fleire av dei føreslegne masselagera kan innebere vesentlege inngrep i eller ved vassdrag, noko som vil:</p> <ul style="list-style-type: none"> • krevje konsesjon etter vassressurslova, og • gi betydelege konsekvensar for allmenne interesser i vassdrag. <p>NVE rådar difor generelt til å unngå alternativ med inngrep i vassdrag og flaumsone, særleg i verna vassdrag.</p> <p>Krav til vurderingar i vidare planlegging Inngrep i og langs vassdrag</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dersom kommunen ønskjer å avklare masselager <i>i eller ved vassdrag</i> i kommunedelplanen, bør dei starte ein parallell konsesjonsprosess etter vassressurslova. • Alternativ avklaring etter vrl. § 20 d (samordning) kan først skje ved detaljregulering. <p>Konsekvensutgreiinga må inkludere:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Verknader for naturverdiar og biologisk mangfald i vassdrag. • Endra hydrologi, avrenning og flaumsituasjon nedstraums. • Allmenne interesser som fiskens frie vandring, ferdsel, friluftsliv, naturvern, landskap, jordvern og kulturmiljø. • Moglege avbøtande tiltak. | <p>Vår ref.: 25/294369-53</p> <p><u>Uttale omfattar masselagre i Skjåk og Stryn</u></p> <p>Fråsegna vert teken til etterretning og vil bli følgt opp i konsekvensutgreiinga og det vidare planarbeidet.</p> <p>For endringar i planprogrammet sjå vedlegg 1.</p> |

Verna vassdrag

- Planområdet ligg innanfor nedslagsfeltet til Strynevassdraget (Verneplan IV).
- Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag skal leggjast til grunn.
- Planarbeidet må sikre at verneverdiane ikkje vert reduserte.
- NVE forventar at vurderingar av vassdragsvern vert integrerte i KU.

Krav til plankart og planomtale

NVE ber om:

- at alle vassdrag merkast tydeleg i plankartet
- bruk av arealformålet Bruk og vern av sjø og vassdrag (pbl. § 11-7 nr. 6)
- krav til kantvegetasjon etter vrl. § 11

Dette for å sikre god styring av inngrep i vassdragsnære område.

Massedeponi – krav til vurderingar

Konsekvensar av deponi må utgreiast særskilt for:

- vassdrag og vassdragsmiljø
- naturfarar (skred, flaum, erosjon)
- overvatn og endringar i terrengformasjonar på lang sikt

NVE understrekar at enkelte område i framlegget klart kan utløyse konsesjonsplikt.

Flaum, skred og overvatn

Flaum

- Kryssingar, utfyllingar og arealinngrep kan auke flaum- og erosjonsfare.
- Planlegginga må sikre at tiltak ikkje påfører andre ulemper (vrl. § 5, TEK17 § 7-1).
- NVE rår til å gjennomføre flaumberekningar tidleg, basert på klimaframskrivne data.

Overvatn

- Auka harde flater kan gi høgare flaumtoppar.
- NVE viser til Rettleiar 4/2022 for overvasshandtering.

Skred

| | |
|--|---|
| <ul style="list-style-type: none"> • Store delar av planområdet ligg i aktsemdsområde for skred. • Det må utførast faglege vurderingar etter NVE sin rettleiar for skredfare i bratt terreng. <p>Energi- og kraftanlegg</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kraftleidningar med konsesjon etter energilova skal visast som omsynssone H740. • Mindre anlegg innan områdekonsesjon kan førast som teknisk infrastruktur. <p><u>Naturfareutgreiingar – plikt til innmelding</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Alle naturfareutgreiingar bestilt etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE (pbl. § 2-4). • Innmelding skal skje innan 3 månader etter godkjenning. • Geotekniske grunnundersøkingar skal meldast til NGU via NADAG. <p>Vidare prosess og oppfølging</p> <ul style="list-style-type: none"> • NVE skal få planforslaget til offentleg ettersyn. • Plandokumenta må tydeleg vise korleis NVE sine interesser er vurdert og innarbeidde. • Alle relevante fagutgreiingar må følgje planforslaget. <p>Kort sluttvurdering</p> <p>NVE løftar særleg fram:</p> <ul style="list-style-type: none"> • tydelege konflikhtar mot vassdrag og verna vassdrag • krav om konsesjon for tiltak i eller nært vassdrag • behov for tidleg flaumberekning og skredvurderingar • krav om klåre, fullstendige og synlege vurderingar i KU og plankart <p>Samla sett rår NVE til stor varsemd når det gjeld masselager i eller nær vassdrag og understrekar at desse vurderingane må styrast tydeleg i planprogrammet.</p> | |
| <p>6. Breheimen nasjonalparkstyre</p> | <p>Vår ref.: 25/294369-44</p> |
| <p><u>Uttale samanfatta:</u></p> <p>Ei tydeleg og samstemt fagleg vurdering frå grunneigar, villreinforvaltning og verneforvaltning for at alternativ B3 må veljast, at eksisterande veg må sanerast eller få svært strenge restriksjonar, og at</p> | <p><u>Uttale omfattar Skjåk kommune</u></p> |

| | |
|--|---|
| <p>masselagring og anleggsverksemd ikkje må leggast til villreinens funksjonsområde. Planarbeidet blir forventa å gi ein reell miljøgevinst for villrein.</p> <p>For å ivareta nasjonale føringar og kvalitetsnorm for villrein tilrår Breheimen nasjonalparkstyre at det for økt kunnskapsgrunnlag blir gjennomført ei scenarioanalyse i regi av Norsk institutt for naturforskning (NINA). Analysen skal synleggjere konsekvensane av ulike tunnelalternativ (B1–B3), stenging av vegar, flytting av stiar eller etablering av ny infrastruktur påverkar leveområda og vandringsmønsteret til villreinen.</p> | <p>Uttale vert teken til etterretning og vil bli følgt opp i konsekvensutgreinga og det vidare planarbeidet.</p> <p>Scenarioanalyse blir vurdert som eit mogleg verktøy.</p> |
| <h2>7. Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen</h2> | <p>Vår ref.: 25/294369-48</p> |
| <p><u>Uttale samanfatta:</u></p> <p><u>Rv. 15/fv. 63</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Noreg har eit særleg ansvar for å ta vare på villrein, då nesten heile den europeiske bestanden finst her. Reinheimen–Breheimen er eit nasjonalt villreinområde med middels kvalitet, der målet på sikt er god kvalitet. • Villrein er sårbar for forstyrringar, og inngrep kan gi negative konsekvensar for kondisjon, arealbruk og vandringsmønster. • Rv. 15 i Breiddalen går gjennom den viktigaste trekkpassasjen mellom Reinheimen og Breheimen, som blir brukt heile året. Auka trafikk vil kunne forsterke barriereeffekten. • Lange tunnelloysingar vil skjerme villreinen mot forstyrringar. Alternativ B3 i Breiddalen (lengst aust) er vurdert som best for villrein. • Dersom eksisterande Rv. 15 blir liggjande att etter tunnel, bør tiltak som redusert fart, avgrensa parkering/camping, kort opningstid og lite brøyting vurderast for å redusere forstyrringar. • Det er også behov for tiltak mot parkering og camping langs Fv. 63, særleg i trekkområdet ved Kolbeinsreset. <p><u>Masselagre</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Store masselager bør unngåast i villreinområde og funksjonsområde, særleg i trekkpassasjen i Breiddalen. Masselager under tregrensa er å føretrekkje. | <p><u>Uttala omfattar både rv. 15 og masselagre i Skjåk kommune.</u></p> <p>Uttale vert teken til etterretning og vil bli følgt opp i konsekvensutgreinga og det vidare planarbeidet.</p> |

| | |
|---|--|
| <ul style="list-style-type: none"> • Fleire føreslåtte masselagringsområde i Skjåk og Stryn er vurderte som negative for villrein, medan område som ligg godt utanfor villreinområdet er vurderte som aktuelle. • Rigg- og omlastingsområde kan gi betydeleg forstyrning i anleggsperioden og bør plasserast lengst mogleg unna viktige funksjonsområde for villrein. | |
| <h2>8. Skjåk Almenning</h2> | <p>Vår ref.: 25/294369-46</p> |
| <p><u>Uttale samanfatta:</u></p> <p><u>Overordna</u> Prosjektet rører i stor grad Skjåk Almenning sin grunn, og ber om at deira innspel blir tungt vektlagt. Tunnelinnslag i Breidalen og forslag til massedeponi er dei viktigaste tema.</p> <p><u>Tunnelinnslag i Breidalen</u> Skjåk Almenning er sterkt for alternativ B3. Breidalen er viktig trekkorridor, beite- og kalvingsområde for villrein, og ein av få intakte korridorar i Norddalen. Viktig for å sikre genetisk variasjon og utveksling mellom delstammer i Reinheimen–Breheimen. Menneskeleg aktivitet langs rv. 15 har allereie redusert villreintrekket. B3 vil:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skjerme villreinområde betre enn dei andre alternativa. • Flytte anleggsaktivitet til mindre sårbare område. <p>Allmenningar meiner eksisterande rv. 15 bør få restriksjonar eller avviklast når ny løysing kjem. Dei foreslår også vurdering av overbygg ("faunapassasje over veg") som alternativ på delar av strekka.</p> <p><u>Naturmangfald og fagkompetanse</u> Villrein er tilstrekkeleg omtalt i planprogrammet, men Skjåk Almenning anbefaler at NINA blir kopla på for betre scenarioanalysar.</p> <p><u>Massedeponi – hovudinnspele</u> Det er føreslått 11 deponiområde, dei fleste på deira grunn. Deponering bør skje i område med eksisterande menneskeleg aktivitet og der massane kan få gjenbruksverdi.</p> <p><u>Skjåk Almenning anbefaler desse som hovuddeponi</u></p> | <p><u>Uttala omfattar både rv. 15 i Skjåk kommune og masselagre.</u></p> <p>Uttale vert teken til etterretning og vil bli følgt opp i konsekvensutgreiinga og det vidare planarbeidet.</p> |

| | |
|---|--|
| <ul style="list-style-type: none"> • 3-1 Billingen – med justering av lokasjon litt lenger aust • Framruste – særleg aktuelt då området allereie er regulert som massetak med etablert infrastruktur. <p><u>Andre aktuelle område</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • 4-1 Framruste (sørside) – krev omlegging av veg, men best tilpassa terrenget. • 2-1 Grotli – foreslår nytt deponi aust for Strynefjellsvegen; hotellet og hytteeigarar er positive. • Kan også nyttast til framtidige næringsformål. • Masse kan nyttast til å knyte saman løypenettet for ski og sykkel (Skjåk Turløyper). • 1-4 Brøytetasjonen er vurdert aktuelt. <p><u>Område som bør takast ut</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • 1-6 Skomakerelva – ligg i villreinområde og nær urørt natur. <p><u>Oppsummert</u></p> <p>B3 må veljast som tunnelinnslag for å sikre framtida til villreinen i Breidalen. Masselagring bør skje der det alt er aktivitet og gjenbrukspotensial, særleg Billingen og Framruste. Nokre foreslåtte område må fjernast av omsyn til villrein og naturverdiar.</p> | |
| <p>9. Renheimen Breheimen Villreinutval</p> | <p>Vår ref.: 25/294369-47</p> |
| <p><u>Uttale samanfatta:</u></p> <p>Reinheimen Breheimen villreinutval har som forvaltningsaktør stor interesse av prosjektet . Utvalet har klare formeiningar om korleis prosjektet må utførast for å skåne villreinen mest mogleg i anleggsfasen og ettertida.</p> <p>Utvalet sluttar seg til innspel og merknader innsendt av villreinnemnda og Skjåk Almenning.</p> | <p>Innspel vert tekne til orientering.</p> |
| <p>10. Lom kommune</p> | <p>Vår ref.: 25/335911-25</p> |
| <p><u>Uttale samanfatta:</u></p> | <p><u>Uttale som nabokommune.</u></p> |

| | |
|---|--|
| <p>Lom kommune meiner alternativ B3 gir best vilkår for villrein og oppmodar Statens vegvesen om å velja dette alternativet.</p> <p>Auka trafikk og meir tungtransport vil få store konsekvensar for rv. 15 austover, særleg gjennom Lom sentrum, der både vegstandard og kryss er sårbare.</p> <p>Utbygging av ny rv. 15 over Strynefjellet må samordnast med vedtekne planar for ny riksveg utanom Lom sentrum.</p> <p>Delar av dagens fjellovergang bør oppretthaldast som beredskapsveg.</p> | <p>Uttale blir teke til etterretning og vil bli følgt opp i den vidare planlegginga.</p> |
| <p>11. Riksantikvaren</p> | <p>Vår ref.: 25/294369-55</p> |
| <p><u>Fråsegn samanfatta:</u></p> <p>Riksantikvaren gjer merksam på at det er fylkeskommunen og Sametinget som representerer kulturminneforvaltninga i saker etter plan- og bygningslova. Riksantikvaren vil berre uttale seg på førespurnad frå fylkeskommunen og då til desse instansane.</p> <p>Eventuelle merknader frå direktoratet i reguleringsplansaker, kommune- og kommunedelplansaker vil verte innarbeidde i fylkeskommunen si høyringsfråsegn. I saker som denne, ber vi difor om at de sender førespurnad til fylkeskommunane, og ikkje til Riksantikvaren.</p> | <p><u>Uttale omfattar alle tre kommunar.</u></p> <p>Innspel blir teke til orientering og vil bli følgt opp i den vidare planlegging.</p> |
| <p>12. Breidablikk hytteigarforening</p> | <p>Vår ref.: 25/294369-54</p> |
| <p><u>Innspel samanfatta:</u></p> <p>Overordnet vurdering:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Planprogrammet spisses slik at natur-, landskaps- og friluftsverdier i Breiddalen gis svært høy vekt. • Konsekvenser for friluftsliv, stillhet, ferdselsmønster og rekreasjonsbruk dokumenteres. • Støy, trafikk, anleggsbelastning, lysbruk og barriereeffekter i både anleggs- og driftsfase må utredes. • Tunnelinnslag lokaliseres lengst mulig fra eksisterende hytteområder. | <p><u>Uttale omfattar Skjåk kommune.</u></p> <p>Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging.</p> |

- Unngå permanente massedeponi i Breiddalen, og lokalisere midlertidige masselagre utenfor hytte- og rekreasjonsområder, gjerne der de er til regional nytte.
- Begrense langvarig planusikkerhet for eksisterende hytteområder
- Vurdere å ta Breidablikk hyttefelt og nærliggende rekreasjonsområder eksplisitt ut av planprogram og planavgrensning
- Legge til rette for god medvirkning og løpende informasjon til berørte hytteeiere

Sårbart fjellområde:

Breiddalen blir vurdert som eit sårbart område med høge verdiar for natur, landskap, friluftsliv, stillheit og rekreasjon

Plassering av tunnelinnslag:

Tunnelportal må lokaliserast i god avstand frå eksisterande hytteområde og utgreiast grundig med alternative plasseringar. Portalene må tilpassas terrenget og vegetasjonen rundt.

Anleggsbelastning:

Støy, trafikk, lysforureining, vibrasjonar og barriereeffektar over fleire år må utgreiast og avgrensast gjennom strenge krav. Ber om at anleggsarbeid hensyntar helger og høysesong for hyttebruk.

Friluftsliv og oppleving:

Tiltaket må ikkje føre til varig tap av Breidalen sine kvalitetar som samanhengande og stille friluftsliv- og rekreasjonsområde

Forutsigbarheit for hytteeigarar:

Hyttefelt og nærliggande ferdselsområde bør takast ut av planområdet for å redusere uvisse og verne etablerte verdiar.

| | |
|---|--|
| 13. Vevig AS | Vår ref.: 25/294369-50 |
| <p>Innspel samanfatta:</p> <p>Vevig AS har områdekonsesjon i Skjåk kommune. Dei ønskjer å samordne kraftkabel og tunnel, peikar på store fordelar for forsyningsikkerheit, men understrekar behovet for tidlege avklaringar, Statnett-involvering og god plassering av nettanlegg i tunnelen.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Er positive til ein samordning av vegtunnel og ny 132 kV kraftkabel, då dette kan gi synergieffektar. Dei meiner ein tidleg risiko- og økonomianalyse er nødvendig for å avklare om samordning er samfunnsøkonomisk lønsamt. • krev vidare utbygging på begge sider (Skjåk og Stryn). Det bør òg greiast ut om kabelalternativ kan vere aktuelt. • Utfordringar knytt til nettkopling mellom Skjåk og Stryn blir vurdert som handterbare. • Statnett bør involverast, sidan ei slik løysing påverkar kraftsystemet som heilskap. • Effektbehov må derfor avklarast tidleg, særleg sidan nettet er fullt og kapasitetskø gjeld. Overskriding av 5 MW/20 GWh krev Statnett-oppfølging. • Det vil trengast fleire nettstasjonar i tunnelen, så planlegginga må sikre tilstrekkelege nisjar med plass til køyretøy og trygg drift. | <p>Innspel Skjåk kommune.</p> <p>Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging.</p> |
| 14. Birdlife Oppland | Vår ref. 25/242314-21 |
| <p>Innspel samanfatta:</p> <p>BirdLife ber om at prosjektet i størst mogleg grad unngår inngrep i urørt natur planlegginga og åtvarar særleg mot deponi i våtmark, vatn og Hamseviken.</p> | <p>Innspel blir teke til orientering og vil bli følgt opp i vidare planlegging.</p> |
| 15. Mattilsynet | Vår ref.: 25/294369-43 |
| <p>Fråsegn samanfatta:</p> <p>Planprogrammet bes omtale:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Alle drikkevasskjelder som kan verte påverka, og planlagde tiltak • Omsyn til fiskehelse og dyrehelse, inkludert tiltak mot smittespreiing | <p>Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging.</p> |

- Tiltak mot å spreie planteskadegjerer dersom det er relevant

Drikkevatt

Mattilsynet understreker at eksisterende og framtidige drikkevannskilder skal beskyttes i tråd med drikkevannsforskriften og nasjonale mål for vann og helse. Riggområder, tunnelpåhogg og midlertidige massedeponier bør ikke legges i nedbørsfelt til drikkevannskilder.

Det stilles forventning om:

- fullstendig kartlegging av offentlige og private vannforsyninger innenfor og nærheten av planområdet, herunder fjellbrønner, lausmassebrønner og overflatekjelder.
- vurdering av hydrogeologiske forhold og mulig påvirkning fra tunneldriving
- tiltak for å hindre forurensning og avrenning i anleggsperioden

Dersom drikkevannskilder ikke kan sikres, må alternativ vannforsyning etableres for å sikre tilstrekkelig og helsemessig trygt drikkevann

Plantehelse

Flytting av masser og bruk av anleggsmaskiner kan medføre risiko for spredning av planteskadegjørere.

Mattilsynet forventer:

- kartlegging av eventuell forekomst av planteskadegjørere før anleggsstart
- rutiner for renhold og kontroll av maskiner og masser
- utarbeidelse av tiltaksplan dersom risiko for spredning avdekkes.

Helse og velferd hos fisk og dyr

Tiltak innenfor planområdet kan påvirke fisk, akvatiske dyr og vilt, særlig gjennom avrenning, partikkelutslipp og kjemikalier i anleggsfasen.


Mattilsynet peker spesielt på:

- vern av Stryneelva som nasjonalt laksevassdrag
- behov for føre-var-prinsippet ved tiltak i og nær vassdrag og fjellvatn
- krav til vask og desinfeksjon av maskiner før bruk i og nær vassdrag
- hensyn til beiteområder og trekkruter for vilt

Disse forholdene må integreres i planprogrammet og følges opp i videre planlegging og gjennomføring.

| | |
|---|---|
| 16. Norsk Lastbileier-Forbund (NLF), region 2, Innlandet | Vår ref.: 25/294369-45 |
| <p><u>Fråsegn samanfatta:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> NLF peikar på at ny metode for å prissette frykt for å køyre på skred- og rasutsette strekningar, slik det er gjort i ein rapport frå Menon Economics for E16 Arna–Voss, bør inngå i dei nye samfunnsøkonomiske berekningane for rv. 15 og fv. 63. Det blir føresett at overskotsmassar frå tunnel og anlegg kan nyttast til opprusting av rv. 15, både mot Stryn og mot Otta. | Innspelet blir teke til orientering og vil bli vurdert i den vidare planlegginga. |
| 17. Norsk Lastebileier-Forbund, region 5 | Vår ref.: 25/294369-51 |
| <p><u>Innspel samanfatta:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Prosjektet må påskyndast etter mange år med utgreiing. A4–B2 blir vurdert som beste løysing for ny Rv. 15. For Fv. 63 er tryggleik mot ras viktigaste vurdering. Massar bør nyttast til å forbetre eksisterande vegnett i regionen. <p>Norges Lastebileier-Forbund (NLF) region 5 gir innspel i samband med oppstart av kommunedelplan og konsekvensutgreiing for ny Rv. 15 Strynefjellet med arm til Geiranger.</p> <p>NLF har engasjert seg i saka sidan første KVU i 2012 og har tidlegare støtta konsept B1 som beste heilårsløysing.</p> <ul style="list-style-type: none"> Prosjektet er «overmodent». Planlegginga har gått uvanleg tregt. KVU + KS1 tok 7 år og 4 månader, mot snittet på 2,5 år for store samferdselsprosjekt. NLF meiner prosjektet må gjennomførast snarast. Etter gjennomgang av plandokumenta støttar NLF alternativ A4–B2. Ein 16,6 km lang tunnel mellom Skora og Breiddalen. Dette blir vurdert som det beste alternativet for Rv. 15. B2-løysinga unngår konflikt med to reinstrekk (viktige trekkområde for villrein). For ny Fv. 63 mot Geiranger er NLF usikre mellom C1–B2 og C2–B2. Dei støttar det alternativet som gir best skred- og rassikring, sidan tryggleik på vinterføre er avgjerande. 4. NLF kommenterer ikkje massedeponiplana for Stryn og Skjåk. Men dei føreset at overskytande massar kan nyttast til opprusting av Rv. 15 mot Stryn og Otta. | Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging. |

| | |
|---|--|
| 18. Thomas Berg | Vår ref.: 25/242314-3 |
| <u>Innspel samanfatta:</u> Erfaring som lastebilsjåfør tilsier at kryssløsning ikke bør være rundkjøring. Rundkjøring fører til hyppige oppbremsinger samt harde akselerasjoner på tur opp tunnelen. Planskilt kryss har absolutt vært best, men er plasskrevende. Kryss i plan må bygges med god størrelse. | <u>Generelt innspel alle kommunar</u> Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging. |
| 19. Haldor Hove | Vår ref.: 25/242314-5 |
| <u>Innspel samanfatta:</u> Foreslår gjenbruk av gamle tunnelar som nødtunnel og rømningsveg, samt etablering av parallelltunnel der det trengst. Det foreslås fleire overbygg i området ved Geiranger—både ved krysset og nærare tunnelinnslaget, samt mot den nye breie vegen ved Grotli. Overbygga skal løftast 3 meter og vere 20 meter breie for å ta unna fonnvind og skavlar. Løysingane blir vurderte som tilstrekkelege og vil samtidig spare store mengder matjord og tunnelmassar. | <u>Generelt innspel alle kommunar</u> Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging. |

| | |
|---|---|
|  | |
| <p>20. Steinar Glomnes</p> | |
| <p><u>Innspel samanfatta:</u> <u>Generelt innspel alle kommunar</u></p> <p>Massedeponiet vil føre til betydeleg trafikk, men det er ikkje omtalt korleis støy frå denne trafikken skal handterast. Det skal lagast støykart for normal vegbruk, men det er ikkje gjort greie for støy i bygge- og anleggsfasen. Retningslinje T-1442 skal leggest til grunn for slike tiltak, og dette gjeld også støy frå sjølve bygge- og anleggsperioden.</p> | <p>Vår ref.: 25/242314-5</p> <p>Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging.</p> |

| | |
|--|--|
| 21. Erik Skogen | Vår ref.: 25/294637-13 |
| <p><u>Innspel samanfatta:</u></p> <p>Tiltaket vil gi betydelig auke i heilårstrafikken på Rv. 15, noko som truleg utløyser behov for ytterlegare tiltak og utbetringar også utanfor planområdet. Det blir etterlyst korleis dette blir handtert i konsekvensutgreiinga og i vidare planlegging.</p> <p>Vidare blir det understreka at prosjektet må vurderast i samheng med andre samferdselsprosjekt, særleg vidare utbygging av E39 frå Nordfjord mot E16/Filefjell. Ei styrkt E39-løysing kan redusere trafikkgrunnlaget og behovet for oppgradering av Rv. 15, og dette må reflekterast i den samfunnsøkonomiske analysen.</p> <p>Innspelet legg stor vekt på konsekvensar av ein langvarig anleggsperiode, både for menneske og dyreliv. Det blir åtvare mot at omfattande og langvarig anleggsaktivitet i Breidalen kan føre til varig fortrenking av villrein, slik at viktige trekkområde i praksis blir tekne ut av bruk. Det blir etterlyst ein tydeleg strategi for å unngå slike irreversible effektar av anleggsdrifta.</p> <p>Det blir kravd at planprogrammet omfattar vurdering av framtidig bruk, gjenbruk eller eventuell nedlegging av eksisterande vegar, særleg:</p> <p>Rv. 15 mellom Breidalen og Videdalen Fv. 63 mellom Langvatnet og Djupvatnet</p> <p>Både kostnader, tilgjenge, natur- og friluftsverknader samt drifts- og vedlikehaldskonsekvensar må inngå i vurderingane. Stenging kan redusere tilgjenge, men kan samstundes gi betydelige miljøgevinstar og reduserte driftskostnader.</p> <p>Til slutt blir det peikt på at lysforureining ikkje er tilstrekkeleg vurdert i planprogrammet. Dette gjeld både i anleggsfasen og i driftsfasen. Området i Breidalen har i dag få faste lyskjelder, og auka bruk av arbeidslys og permanent belysning ved tunnelopningar kan få negative konsekvensar for dyreliv</p> | <p><u>Generelt innspel alle kommunar:</u></p> <p>Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging.</p> <p>«Kunstig belysning” er nemnt som ein mogleg påverknadsfaktor i V712 under tema naturmangfald. Verknader vil bli vurdert.</p> |

og landskapsoppleving, særleg i mørketida. Det blir også peikt på risiko for lysglød over store avstandar ved visse vêrforhold, og etterlyst ei kunnskapsbasert vurdering av desse effektane.

Samla bodskap:

Tiltaket har omfattande og langvarige konsekvensar. Planprogrammet må sikre ei brei, heilskapleg og kunnskapsbasert vurdering av trafikk, samordning med andre prosjekt, anleggsfase, villreinomsyn, eksisterande vegnett og lysforureining.



1. Se kart og inntegnet område på vedlagt flyfoto. Dette er en mulig plassering av masser i forbindelse med heving

og drenering av jordbruksareal.



22. Per Bårdshaug

Vår ref.: 25/242314-17, 25/242314-18

Innspel samanfatta:

- Massedeponi må plasserast der naturtilstanden allereie er sterkt påverka eller øydelagd.
- Biologiske undersøkingar må oppdaterast.
- Hamsevikje må sparast, sidan området er våtmark og elveutløp.
- Blir tunnelmassane så forureina at det avgrensar kva dei kan nyttast til?

Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging.

23. Stein Are Bergheim


Vår ref.: 25/242314-11

Innspel samanfatta:


Innspel til potensielle masselagre i Skjåk (Grotliområdet):

Områdene som spilles inn består av eiendommen 245/51 (ca 161 852kvm) og 246/42, samt forslag om to støyvoller mot eksisterende hyttefelt og en ski/sykkel trasse. Områdene kan anslagsvis romme cirka 450 000- 850 000m³.

Område 1: Større masselager på eigedom 246/51, anslått kapasitet ca. 400 000–800 000 m³.



Område 2: Massedeponi som kan fungere som støyskjerming mot hyttefelt, ca. 27 000–44 000



Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging.

Område 3: Avgrensa mottak av massar til opparbeiding av veg, alpinanlegg m.m., ca. 10 000 m³.

Område 4: Bruk av massar til etablering/justering av ski-, tur- og sykkeltrase mellom Grotli og Nysæter, anslått ca. 11 000 m³.



Oppsummering: Foreslåtte tiltak vil gi fleksible løysingar for massedisponering, avgrense nye inngrep og samtidig bidra til lokal verdiskaping og betre infrastruktur, med moglegheit for seinare uttak og vidareforedling av massar.

INNSPEL SAMMENFATTA – STRYN KOMMUNE

| 1. Statsforvaltaren i Vestland | Vår ref.: 25/294637-12 |
|--|---|
Området Grotli–Breidalen er viktig for villrein. Ny tunnel bør bidra til betre trekkmoglegheiter, og tiltak må vurderast opp mot nasjonal villreinpolitikk og føringar i St.meld. 18 (2023–2024).

Konklusjon frå fylkeskommunen

- Det er særst viktig at konsekvensutgreiinga for dette tiltaket vert utført etter gjeldande metode for verdsarv. Dersom konsekvensutgreiingane ikkje i tilstrekkeleg grad viser verknadane for verdsarven, jamfør KUVA-metodikken, kan det gje grunnlag for motsegn til planen.
- Dersom forslaget til plan på høyring er i strid med bevaring av dei framifrå universelle verdsarvverdiane (FUV), vil fylkeskommunen vurdere motsegn til planen, jf. plan- og bygningslova § 5-4.
- Korleis ny rv. 15 vil påverke tilstand og miljømål må utgreiast i tråd med vassforskrifta § 12. Det er viktig at dette er på plass, slik at eventuell konflikt med miljømål og andre miljøverdier avklarast tidleg i prosessen.
- Begge tunnelalternativa mot Geiranger vil råke dyrka jord i Oplendskedalen. Med bakgrunn i nasjonalt og regionalt jordvernmål vil vi vurdere motsegn ved offentleg ettersyn dersom jordverninteressene ikkje vert teke tilstrekkeleg omsyn til.
- Området Grotli-Breidalen er kartlagt som kalvings- og oppvekstområde for villrein.
- Området er prega av reduserte trekkmoglegheiter og arealunnaviking for arten.
- Trekkpassasjen vest for Breiddalsvatnet er svært viktig for at det skal haldast oppe ei utveksling mellom Reinheimen og Breheimen villreinområde.

| | |
|--|---|
| 27. Vestnorsk Fjordlandskap | Vår ref.: 25/311403-23 |
| <p>Innspel samanfatta:</p> <p>Overordna vurdering</p> <p>Planprogrammet må styrkast vesentleg når det gjeld verdsarvforankring, KUVA, kumulative effektar og anleggsfase, for å sikre at planlegginga skjer i samsvar med Noreg sine internasjonale forpliktingar knytt til verdsarven Vestnorsk fjordlandskap.</p> <p>Planprogrammet må i langt større grad vere forankra i verdsarven sine framifrå universelle verdiar (FUV, engelsk OUV) og i relevante UNESCO- og nasjonale styringsdokument. KUVA-metodikken må integrerast tydeleg i planprogrammet og vere styrande for konsekvensutgreiing i verdsarvområdet, inkludert vurdering av 0-alternativet og kumulative effektar.</p> <p>Konkrete innspel/forslag til planprogrammet</p> <ul style="list-style-type: none"> • Inkludera følgande dokument i føringar: <ul style="list-style-type: none"> ○ Forvaltningsplan for verdsarvområdet, Forskrift om vern av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. Fråsegn om FUV (Doha, 2014), inkl, lenke til de offisielle dokumenta frå Unesco. • OUV-dokument og verdsarvstyrande dokument må nyttast aktivt som kunnskapsgrunnlag, ikkje berre nemnast. Synleggjera dette. • Forholdet mellom KUVA og dei andre fagutgreiingane må klargjerast og integrerast. • 0-alternativet, inkludert framtidige klimaendringar, skal utgreiast grundig også etter KUVA-metodikk. • Offisielle verdsarv- og vernekart skal nyttast systematisk i planomtale og utgreiingar. <p>Landskap og geologi</p> <ul style="list-style-type: none"> • Verdsarven er innskripen etter kriterium (vii) og (viii) – naturvenleik, landskapsrom og geologiske prosessar. | <p>Generelt innspel:</p> <p>Innspelet blir teke til orientering og vil inngå som del av det vidare planarbeidet og konsekvensutgreiinga.</p> <p>For endringar i planprogrammet sjå vedlegg 1.</p> <p>Planprogram:</p> <p>Dokument blir lagt til under føringar, pkt. 4.4, sjå under.</p> |

- KUVA må vurdere påverknad på konkrete OUV-attributt, ikkje berre generelle landskapskategoriar.
- Det krevst høgkvalitets visualiseringar frå sentrale utsiktspunkt, i både anleggs- og driftsfase.
- Inngrep i fjell og undergrunn må vurderast opp mot geologiske verdsarverdiar.

Kulturlandskap

- Kulturlandskapet er ein integrert del av OUV, forma av langvarig jordbruksdrift.
- Opplendskedalen og Flydalen er særleg viktige som opne, flate kulturlandskap.
- Planarbeidet må greie ut konsekvensar for kulturlandskapet og vurdere løysingar som styrkar, ikkje svekkjer, verdiane.
- Tiltaksplan for kulturlandskapet i Vestnorsk fjordlandskap må leggjast til grunn.

Samfunnseffektar og reiseliv

- Berekraftig bruk er ein føresetnad for verdsarvforvaltning.
- Reiseliv og besøksutvikling må vere eige tema i KU, inkludert:
 - lokale samfunnseffektar
 - endra tilgjenge, besøksvolum og sesongmønster
 - kopling mot mål for berekraftig besøksforvaltning og pågåande besøksstrategiar

Anleggsperiode og bruk av verna veg (fv. 63)

- Fv. 63 er freda og ein del av landskapsopplevinga.
- Konsekvensar av anleggstrafikk, slitasje og skade må vurderast.
- Planprogrammet bør stille krav til:
 - avgrensing av tungtransport
 - istandsetjing etter anlegg
 - særlege restriksjonar i sårbare periodar

Masseuttak og overskotsmassar

- Geologi er ein del av verdsarvgrunnlaget.
- Vurderinga må omfatte både masseuttak og massedeponi i eit samla verdsarvsperspektiv.

Masser:

Alternativ med einseitig driving av tunnelen vil greiast ut, ref. punkt 5.2.3.

| | |
|---|---|
| <ul style="list-style-type: none"> • Alternative løysingar for massehandtering skal vurderast med mål om minst mogleg påverknad på landskap og geologi. <p>Kumulative effektar</p> <ul style="list-style-type: none"> • I tråd med IUCN sine tilrådingar må samla belastning frå fleire tiltak over tid vurderast. • Vegtiltaket må sjåast i samanheng med annan infrastruktur, reiseliv og ferdsel. • Tidsdimensjon og framtidig utviklingspress må inngå. <p>Metode og medverknad</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det blir tilrådd å nytte digitale verktøy (digital tvilling, 3Dvisningar, digital synfaring) for å synleggjere landskapsverknader. • Slike verktøy bør brukast aktivt i dialog og medverknad. | |
| 28. Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen | |
| <p>Innspel samanfatta:</p> <p>Overordna opp mot verneformål og UNESCO</p> <p>Planprogrammet viser ei grunnleggande forståing for verdsarvomsyn og legg opp til eiga konsekvensutgreiing for verdsarv (KUVA), i tråd med råd frå UNESCO sitt rådgivande organ IUCN.</p> <p>Planprogrammet manglar forankring i sentrale styringsdokument og bør løftast fram som normgivande premiss for planlegginga, særleg:</p> <ul style="list-style-type: none"> • verneforskrifta for Geiranger–Herdalen landskapsvernområde, • Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Geirangerfjorden • dei internasjonale forpliktingane etter Verdsarvkonvensjonen. <p>Planprogrammet bør presisere at rangering av alternativ skal vektlegge minimering av synlege inngrep og landskaps-/kulturlandskapstilpassing, jf. verneformålet.</p> <p>Inngrep i landskapet</p> | <p>Vår ref.: 25/311403-23</p> <p><u>Innspel omfatter verneformål og Unesco (Stranda kommune).</u></p> <p>Innspelet blir teke til orientering og vil inngå som del av det vidare planarbeidet og konsekvensutgreiinga.</p> |

Fleire av dei skisserte tiltaka – mellom anna tunnelarm, portalar og dagsoner, massedeponi i Kophola og tekniske anlegg – kan utgjere vesentlege landskapsinngrep og utløyse dispensasjonsplikt. Tunnelen vil krevja dispensasjon frå verneforskrifta, sjølv om den ikkje er synleg. Planprogrammet bør derfor presisere nøyaktig kartfesting av vernegrensa, klargjere kva tiltak som krev dispensasjon, og prioritere løysingar som minimerer synlege inngrep og tilpassar seg landskap og kulturlandskap i samsvar med verneformålet.

Tilrår eit eige underkapittel i planprogrammet:

«Tiltak innanfor vernegrensa – rettsleg ramme», som punktvis viser § 3 pkt. 1.1, § 3 pkt. 1.2–1.3 og kopling til forvaltningsplan (§ 5), med krav til dispensasjon, kartfesting av vernegrensa og areal til masselagring/nettstasjon.

Anleggsfasen

Anleggsfasen er eit særleg kritisk tema. Motorferdsel, støy, massetransport og mellombelse inngrep kan gi betydeleg påverknad på landskapsoppleving, naturmangfald og bruk av området. Det er behov for klare krav i planprogrammet om anleggsplan for motorferdsel og støy, avgrensing av aktivitet i sårbare periodar, og heilskapleg handtering av forureining, inkludert risiko for påverknad på verna vassdrag.

Natur og kulturverdiar

Natur- og kulturverdiar i området, mellom anna knytt til villrein som ansvarsart, verdifulle kulturlandskap og geologiske strukturar, krev at konsekvensutgreiinga blir gjennomført etter gjeldande metodikk (V712), supplert med KUVA og relevante rettleiingar. Det bør stillast krav om NiN-kartlegging, før- og etterundersøkingar og bruk av gode visualiseringar (til dømes 3D/digital tvilling) for å synleggjere verknader i både anleggs- og driftsfase.

Samla sett er hovudtilrådinga at planprogrammet blir styrkt gjennom klarare juridisk forankring, presise krav til kartfesting og dispensasjonsprosessar, og tydelegare styring av anleggsfase og alternativvurderingar. Dette er avgjerande for å sikre at vidare planlegging skjer i samsvar med verneformålet og Noreg sine internasjonale forpliktingar knytt til verdsarven Vestnorsk fjordlandskap.

Inngrep i landskapet:

Dette vil presiseres i vidare plandokumenter.

Anleggsfasen:

Desse tema vil være ein del av planlegginga, og det vil utarbeidast ein anleggsgjennomføringsrapport.

| | |
|--|--|
| | |
| 29. NVE – samla uttale for alle tre kommunar | Vår ref.: 25/299369-52 |
| <p>Innspel samanfatta:</p> <p>Overordna vurdering</p> <ul style="list-style-type: none"> • NVE har ikkje delteke i KVU-prosessen og manglar grunnlag for å vurdere tunnel- og påhoggalternativ før konsekvensutgreiingar ligg føre. • Planprogrammet opnar for nye løysingar. NVE spelar inn at påhogg på sørsida av Hjelledøla bør vurderast for å unngå ei ny kryssing av verna vassdrag. • Eventuelt massedeponi ved Koppbola (Stranda) må utgreiast nærare med omsyn til vassdragmiljø og vernekriteria for Geirangerelva. <p>Vassdragmiljø, vassdrag og grunnvatn</p> <p>Generelle føringar</p> <ul style="list-style-type: none"> • NVE rår sterkt til at planarbeidet unngår alternativ som inneber inngrep i eller ved vassdrag. • Tunnelpåhogg og massedeponi kan påverke grunnvatn, noko som må utgreiast etter vassressurslova. <p>Krav til konsekvensutgreiinga</p> <p>KU må vere tydeleg på om planen inneber:</p> <ul style="list-style-type: none"> • inngrep i vassdrag, flaumsone eller kantsona • verknader for allmenne interesser som: <ul style="list-style-type: none"> ○ fiskens frie vandring ○ friluftsliv og ferdsel ○ biologisk mangfald ○ vitskapleg verdi ○ kultur og landskap | <p><u>Uttale omfattar rv. 15/ fv. 63, inkl. masselager i Stranda.</u></p> <p>Innspel vert teken til etterretning og vil følgjast opp i konsekvensutgreiinga og det vidare planarbeidet.</p> <p>For endringar i planprogrammet sjå vedlegg 1.</p> |

- jordvern
- flaum- og skredtryggleik
- Mogleg avbøtande tiltak skal synleggjerast.
NVE påpeikar at vurderingar av allmenne interesser ofte blir fragmenterte og ber om tydelegare framstilling.

Verna vassdrag

Planområdet omfattar:

- Strynevassdraget (Stryn) – verna etter Verneplan IV
- Geirangerelva (Stranda) – verna etter Verneplan IV

Krav:

- Rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag skal leggjast til grunn.
- Arealbruk må ikkje redusere verneverdiane.
- Vurdering av vernegrnlaget skal inngå i KU.

Vassdrag i plankart og planføresegner

NVE krev at:

- alle vassdrag skal merkast tydeleg i plankart
- arealformålet Bruk og vern av sjø og vassdrag (pbl. § 11-7 nr. 6) skal nyttast
- krav til kantvegetasjon (vrl. § 11) skal fastsetjast

Formålet er å sikre styring med vassdragsnære areal og unngå inngrep som skadar vassmiljøet.

Massedeponi

Konsekvensar av deponering må vurderast med omsyn til:

- naturfare (flaum, erosjon, skred)
- vassdrag og grunnvatn

- verna vassdrag
- terrengforming og langtidseffektar

NVE forventar at massedeponi med mogleg konflikt mot vassdrag blir grundig analysert.

Flaum, skred og overvatn

Flaum

- Kryssingar og utfyllingar i elver/flaumsoner kan auke flaum- og erosjonsfare.
- Tiltak må ikkje påføre andre ulemper (vrl. § 5, TEK17 § 7-1).
- NVE rår til tidleg flaumberekning før traséval, basert på klimaframskrivne data.

Overvatn

- Auka harde flater kan gi raskare avrenning og større flaumtoppar nedstraums.
- NVE viser til Rettleiar 4/2022 for overvasshandtering.

Skred i bratt terreng

- Store delar av planområdet ligg i aktsemdsone for skred.
- Faglege vurderingar må utførast etter NVE sin rettleiar for kartlegging av skredfare.

Energianlegg

- Planprogrammet omtalar mogleg ny kraftforsyning til Geiranger via tunnel.
- Planarbeidet må avklare om tiltak krev konsesjon etter energilova.
- Konsesjonsbehandling for straumnett er tidkrevjande og må planleggjast.
- Kraftleidningar med konsesjon skal merkast som omsynssone H740.
- Mindre anlegg innan områdekonsesjon kan førast som teknisk infrastruktur.

Generelle råd frå NVE

NVE anbefaler at kommunen nyttar:

NVE sine nettressursar for arealplanlegging

- Kartbasert rettleiar for kommuneplanens arealdel

| | |
|--|--|
| <p>Alle relevante NVE-interesser skal vurderast i planarbeidet.</p> <p>Kort sluttoppsummering</p> <p>NVE understrekar behovet for:</p> <ul style="list-style-type: none"> • å unngå inngrep i vassdrag og flaumsone • å vurdere alternativ på sørsida av Hjelledøla for å unngå kryssing av verna vassdrag • tydelege og samla KU-vurderingar av vassdragsmiljø, verna vassdrag og naturfare • tidleg flaumberekning og skredkartlegging • avklaringar knytt til kraftforsyning og konsesjonar • korrekt bruk av plankart og riktige arealformål <p>Samla sett er hovudbodskapen frå NVE: varsemd, tydelege KU-vurderingar og unngå inngrep i verna og sårbare vassdragssystem.</p> | |
| <p>30. Direktoratet for mineralforvaltning</p> | <p>Vår ref.: 25/335907-11</p> |
| <p><u>Innspel samanfatta:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Ser ingen konflikter mellom planområdet og registrerte mineralressursar eller uttak i drift. • Oppmodar sterkt om gjenbruk av massar for å sikre berekraftig ressursforvaltning og redusere behovet for nye uttak. • Tilrår bruk av nytt underføremål «massemottak» (SOSI-kode 1202) i plankartet for område som skal nyttast til permanent eller langvarig lagring. | <p><u>Generelt innspel:</u></p> <p>Innspelet blir teke til orientering og vil følgjast opp i vidare planlegging.</p> |
| <p>31. Statsforvaltaren i Innlandet</p> | <p>Vår ref.: 25/335907-11</p> |
| <p><u>Fråsegn samanfatta:</u></p> <p>Statsforvaltaren er positiv til prosjektet men stiller klare krav til:</p> | <p>Fråsegna vert tekne til etterretning og vil inngå i det vidare</p> |

- val av tunnelalternativ som skånar villrein mest mogleg (B3)
- grundig kartlegging av natur og vassdrag
- tilpassing til klimaendringar og løysningar for redusert klimagassutslepp
- fokus på masse- og forureiningshandtering
- grundig ROS-arbeid, inkludert beredskap og omkøyringsløysingar
- plan for etterbruk av gammal veg parallelt med tunnelplanlegging
- ROS-analyse utarbeidast i tråd med rettleiaren «samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging»

Villrein er det mest styrande omsynet, alternativ B3 er klart føretrakt

Nye nasjonale føringar gjer villreinomsynet særleg tungtvegande. Dagens rv.15 ligg i kalvingsområde og viktige trekkpassasjar. Tunnel gir klart redusert forstyrring og blir vurdert som svært positivt. B3 har klart minst konflikt med villrein og trekkpassasjar.

Etterbruk av gammal veg er avgjerande for samla effekt

Restaurering av gammal veg tilbake til natur er sterkt tilrådd for å fjerne barriere og sikre samanhengande villreinområde. Dersom ikkje restaurert, må bruken av vegen strammast kraftig inn (fart, parkering, opningstid, vinterdrift).

Kunnskapsgrunlaget må styrkast utover villrein, vassmiljø og fisk krev tydelegare vurderingar

Det er behov for meir naturtypekartlegging i Breiddalen, særleg knytt til anleggsområde, masselager og parti av veg i dagen. Manglande kunnskap om andre naturverdiar representerer ein planrisiko. Planen må vise effekt på vassdrag, strandsone, kantvegetasjon og fiskebestandar, og avklare om nokon alternativ kan vere i strid med regelverket.

Massehandtering og samfunnstryggleik må avklarast tidleg

Geologi og massehandtering er kritiske premisser og må inngå i KU og ROS. Samfunnstryggleik, tunnelstenging, omkøyring og beredskap (inkl. Forsvaret sine interesser) må vere godt dokumentert.


planarbeidet og konsekvensutgreiinga

For endringar i planprogrammet sjå vedlegg 1.

| | |
|---|--|
| 32. Geiranger veginvest AS | Vår ref.: 25/311403-19 |
| <p>Innspel samanfatta:</p> <p>Geiranger Veginvest AS (GVI) støttar planarbeidet med ny Rv. 15 Strynefjellet med arm til Geiranger og peikar på at prosjektet er avgjerande for trygg samferdsel, beredskap og vidare utvikling av bygda.</p> <p>Korleis tunnelmassar kan nyttast positivt i Oplenskedalen blir løfta særleg fram:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Forbetring av jordbruksareal: Avskaving av matjord og påfyll med drenerande tunnelmassar vil gi betre driftsforhold, betre drenering og meir attraktiv landbruksjord. Dette kan vere viktig for rekruttering av nye bønder og for å halde kulturlandskapet i hevd. • Sikringstiltak: Tunnelmassar kan nyttast for å skjerme landbruksareal og ferdselsveggar mot nedfall frå fjellsider. <p>GVI peikar vidare på store utfordringar knytt til fv. 63, som har mange rasutsette punkt og aukande steinfall. Tunnelarmen til Geiranger vil gi viktig avlastning til den historiske turistvegen og betre trafikktryggleik, samt vere ein viktig reserveveg ved stenging av ny tunnel.</p> <p>Når det gjeld forslag om midlertidig massedeponi i Kophola, støttar GVI løysinga og viser til både verdsarvforvaltinga og Stranda kommune, som har uttrykt positive vurderingar. Dei meiner at eit forplikande handlingskart for massedeponiet vil sikre:</p> <ul style="list-style-type: none"> • minst mogleg påverknad på myr og natur • god landskapstilpassing • betre landbruksareal • ivaretaking av nasjonale og internasjonale forplikingar knytt til verdsarven <p>Samla sett ber Geiranger Veginvest om at planarbeidet innarbeider punkta deira, at massedeponiløysinga blir juridisk forplikande, og at vidare planprosess blir open og inkluderande, med GVI som aktiv deltakar.</p> | <p><u>Innspel Stranda kommune:</u></p> <p>Innspelet blir teke til orientering og vil vurderast i vidare planlegging.</p> |

| | |
|---|--|
| | |
| 33. Geiranger Skysslag AS | Vår ref.: 25/311403-18 |
| <p>Innspel samanfatta:</p> <p>Geiranger Skysslag støttar arbeidet med ny rv. 15 Strynefjellet med arm til Geiranger og meiner at ein ny tunnel vil gi tryggare heilårssamband, styrkje beredskap og skape gode føresetnader for vidare vekst i reiseliv og lokalsamfunn. Samstundes peikar dei på forhold som må takast omsyn til i planlegginga.</p> <p>Selskapet uttrykkjer uro for at tunneltraséen, som er planlagt rett under Dalsnibba, kan føre til vibrasjonar som skadar Nibbevegen, bygningar, installasjonar og Geiranger Skywalk-plattformar, og ønskjer ei klar stadfesting på at anleggsarbeidet ikkje vil påføre skade.</p> <p>Vidare ber dei om at vegstrekninga Oplenskedal–Langvatn blir verande Nasjonal turistveg med uendra opnings- og stengjetider. Strekninga er viktig både for reiselivet, for drifta av Geiranger Skysslag og som alternativ tilkomst dersom tunnelen blir stengd.</p> <p>Geiranger Skysslag ønskjer òg at planen legg til rette for mogleg etablering av ein gondol frå Oplenskedalen til Dalsnibba, med areal til botnstasjon, servicefunksjonar og parkering. Ein slik gondol kan gi eit viktig heilårstilbod, redusere trafikkbelastninga på fjellvegen og bidra til meir berekraftig drift.</p> <p>I sum ber Skysslaget om at tunnelarbeidet både sikrar eksisterande anlegg, tek vare på turistvegstatusen og opnar for vidare næringsutvikling i Oplenskedalen.</p> | <p>Innspel Stranda kommune:</p> <p>Innspelet bli teke til orientering og vil vurderast i vidare planlegging. Tiltak utanfor gjeldande prosjektmandat vil ikkje greiast ut.</p> |
| 34. Linja AS | Vår ref.: 25/311403-20 |
| <p>Innspel samanfatta:</p> <p>Linja AS støttar mogleg framføring av kraftnett allereie i tidleg fase.</p> <p>132 kV-kabel i tunnel</p> | <p>Innspelet blir teke til orientering og vil følgjast opp i vidare planlegging.</p> |

| | |
|--|---|
| <p>Linja meiner det er nyttig å gjennomføre ei grundig risikoanalyse for å avklare om 132 kV regionalnett trygt kan leggjast i tunnelen. Resultata kan få prinsipiell verdi også for andre tunnel- og nettprosjekt i landet. Dei presiserer at planen treng areal for ein transformator- eller koblingsstasjon ved tunnelpåhogget i Breiddalen.</p> <p>Konsekvensar for kraftsystemet</p> <p>Ei 132 kV-løysing via tunnelen vil gi betre kapasitet og forsyningstryggleik til Geiranger, og skape ein ekstra forsyningsveg mellom Stryn og Skjåk. Samstundes kan samankopling av aust- og vestnettet føre til driftsutfordringar og kortvarige straumbrot ved omkobling. Statnett må involverast om det blir aktuelt å knyte dei større netta saman.</p> <p>Behov for formell bestilling av kapasitet</p> <p>For å sikre tilgjengeleg nettkapasitet oppmodar Linja til å sende søknad om nødvendig effekt til både bygge- og driftsfasen av tunnelen, samt for landstraum i Geiranger. Kapasitetsreservasjon skjer etter «første modne mann»-prinsippet, og det er stor kø i transmisjonsnettet i prisområde NO3.</p> <p>UNESCO-konsekvensutgreiing</p> <p>Dersom kabel vidareførast frå tunnel til Geiranger, må omsyn til verdsarv utgreiast for både kabeltrasé og transformatorstasjon. Linja anbefaler å gjere dette parallelt med konsesjonssøknad for å sikre framdrift.</p> | |
| <p>35. Gode vegar AS</p> | <p>Vår ref.: 25/311403-22</p> |
| <p>Innspel samanfatta:</p> <p>Det blir sett som positivt at avtalane mellom Statens vegvesen og kommunane i 2022 no har ført til formell planoppstart og varsla konsekvensutgreiing.</p> <p>Rv. 15 blir løfta fram som ei kritisk tverrforbinding mellom Vestlandet, Austlandet og Trøndelag/Nord-Norge – viktig for gods, kollektivtransport, privat reising og både sivil og militær</p> | <p><u>Generelt innspel:</u></p> <p>Innspelet blir teke til orientering.</p> |


| | |
|--|---|
| <p>beredskap. Difor må tunnelkonseptet (H1-veg med T13 tunnel) vidareførast i den vidare planlegginga.</p> <p>Det blir peika på at trafikkanalysen må få eit stort nok influensområde, og at analysa må ta omsyn til at både rv. 15 og verdsarvområdet Geiranger vil få eit meir rassikkert heilårssamband.</p> <p>Statens vegvesen, arealkommunane og grunneigarane må samarbeide om å finne eigna område for midlertidige og permanente deponi.</p> <p>Planprogrammet blir vurdert som godt definert, og det blir forventet at den oppsette framdriftsplanen blir halde, slik at anleggsstart kan skje før 2030 i tråd med NTP-vedtaket.</p> | |
| 36. Jon Axel Ø. Solhaug og Oddbjørg M.E. Solhaug | |
| <p>Innspel samanfatta:</p> <p>Innspel ang. massedeponering i Geiranger, samt nokre innspel i samband med utforming og konsekvensar for dei som bur i nærleiken av tenkt tunnelinnslag.</p>  <p>Innspel til planlegginga av tunnelarmen til Geiranger. Dei støttar prosjektet, men ønskjer særleg løysingar for masselagring, trafikkisikring og betre forhold for nærliggande bustader og landbruk.</p> <p>Foreslår at tunnelmassar blir nytta som permanent utfylling under matjord på dei oppdyrka myrareal-a i Ørjasætra/Dalen, sidan området er blautt, dårleg drenert og krevjande å drive. Dette</p> | <p>25/242314-19</p> <p><u>Innspel Stranda kommune:</u></p> <p>Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging.</p> |

vil betre landbruksjorda, gi grunnlag for meir beitedrift og redusere attgroing. Ei slik løysing vil òg vere kortreist og redusere transportbehovet, eventuelt kombinert med deponi i Kophola.

Foreslår vidare bygging av ein rasvoll vest for Kophola, i rasutsett terreng under «Storskreaå», både som sikring og som mogleg deponi. Dei ber òg om at omlegging av vegen blir vurdert slik at trafikken blir flytta lenger frå bustadane på Ørjasætra, noko som vil redusere støy og trafikkbelastning. Dersom vegomlegging ikkje er mogleg, ønskjer dei tiltak for betre trafiksikkerheit og støyskjerming.

Samla sett ønskjer dei at prosjektet tek omsyn til både tryggleik, landbruk, miljøverdiar og buforhold for dei som bur i området.


Skisse 1: Jordbruksareal som høyrer til Ørjasæter/Dalen i Geiranger.



Skisse 2: Omlegging av veg



Skisse 3 + kartutsnitt natur: Rasvoll vest for Kophola



37. Gunhild Ørjasæter og Svein-Erik Bjerkan

Innspill til massedeponi:

Massedeponi kan legges under dyrket mark. Vi støtter her kartforslag lagt frem av Jon Axel Ørjasæter Solhaug (118/2). Det vil være kortreist deponi som samtidig vil bedre dreneringen av markene med mål om bedre jord og dyrket mark. I tillegg foreslår vi å bruke arealet øst for (bak) husene til bruket 118/1 og med å fylle og planere inn mot markene jf. ovennevnte kartforslaget til Solhaug og husene.

Dette gjøre det mulig å nytte det planerte området bedre til slåttemark eller annet jordbruksformål. Se vedlagte karttegning.

Innspill omlegging av veg:

Vi ønsker at vegen legges godt vest for gårdene på Ørjasætra (118/1 og 118/2). Her støtter vi kartforslaget som er lagt frem av Jon Axel Ørjasæter Solhaug (118/2). Omlegging av vegen kan også benyttes om deponi av tunellmasser.

Innspel Stranda kommune:

Innspelet blir teke til orientering og vil vurderast i vidare planlegging.

I dag har vegen forbi Ørjasætra meget høy trafikkbelastning, vår, sommer og høst. Da i stor grad av større kjøretøy som busser og bobiler. Om vegen fortsatt skal gå forbi gårdene vil belastningen bli på hel års basis. I dag utgjør trafikkstøyen utfordringer med å gjennomføre samtaler når trafikken er på sitt mest intense. Helårsveg vil sannsynligvis medføre mer støy og det bes i tilfelle om en vurdering av støyskjerming.

Vegen har høy fartsgrense – 80 sone. Det er en sikkerhetsutfordring at vegen med store kjøretøy går tett inn på husene. I tilfelle med økt hel års trafikkbelastning bes om en vurdering av skjerming eventuelt tilrettelegging for avkjøringsfelt til eiendommene.

Innspill til massedeponi:


Massedeponi kan legges under dyrket mark. Vi støtter her kartforslag lagt frem av Jon Axel Ørjasæter Solhaug (118/2). Det vil være kortreist deponi som samtidig vil bedre dreneringen av markene med mål om bedre jord og dyrket mark. I tillegg foreslår vi å bruke arealet øst for (bak) husene til bruket 118/1 og med å fylle og planere inn mot markene jf. ovennevnte kartforslaget til Solhaug og husene.

Dette gjøre det mulig å nytte det planerte området bedre til slåttemark eller annet jordbruksformål. Se vedlagte karttegning.

Innspill omlegging av veg:

Vi ønsker at vegen legges godt vest for gårdene på Ørjasætra (118/1 og 118/2). Her støtter vi kartforslaget som er lagt frem av Jon Axel Ørjasæter Solhaug (118/2). Omlegging av vegen kan også benyttes om deponi av tunellmasser.

I dag har vegen forbi Ørjasætra meget høy trafikkbelastning, vår, sommer og høst. Da i stor grad av større kjøretøy som busser og bobiler. Om vegen fortsatt skal gå forbi gårdene vil belastningen bli på hel års basis. I dag utgjør trafikkstøyen utfordringer med å gjennomføre samtaler når trafikken er på sitt mest intense. Helårsveg vil sannsynligvis medføre mer støy og det bes i tilfelle om en vurdering av støyskjerming.

| | |
|--|--|
| <p>Vegen har høy fartsgrense – 80 sone. Det er en sikkerhetsutfordring at vegen med store kjøretøy går tett inn på husene. I tilfelle med økt hel års trafikkbelastning bes om en vurdering av skjerming eventuelt tilrettelegging for avkjøringsfelt til eiendommene.</p> | |
|  | |
| <p>38. Thomas Berg</p> | |
| <p><u>Generelt innspill alle tre kommuner:</u></p> <p>Erfaring som lastebilsjåfør tilsier at kryssløsning ikke bør være rundkjøring. Rundkjøring fører til hyppige oppbremsinger samt harde akselerasjoner på tur opp tunnelen. Planskilt kryss har absolutt vært best, men er plasskrevende. Kryss i plan må bygges med god størrelse.</p> <p>Innspelet blir teke til orientering og vil følgjast opp i vidare planlegging.</p> | <p>Vår ref.: 25/242314-3</p> <p><u>Generelt innspel:</u></p> <p>Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging</p> |

INNSPEL SAMMENFATTA - MASSELAGER

Skjåk kommune

| 39. Statsforvalteren i Innlandet | Vår ref.: 25/335907-10 |
|--|---|
| <p><u>Fråsegn samanfatta:</u></p> <ul style="list-style-type: none">• Tiltrår på det sterkaste å forkaste alle alternativ som inneber utfylling i vatn og vassdrag, då dette strir mot vassforskrifta og nasjonale føringar (2025).• Hevdar at det faglege grunnlaget frå KVU 2018 ikkje lenger er tilstrekkeleg og må oppdaterast, særleg knytt til villrein, økosystem, myr, naturmangfald og hydrologi.• Vurderer berre Framruste (4-1) og Kuhølgruva (6-1) som reelle område å ta vidare i silingsprosessen fordi dei er tidlegare påverka og ikkje ligg nært sårbare vassdrag.• Peikar på risiko for avrenning, erosjon, sedimenttransport og påverknad på vasskvalitet, spesielt i høg fjellsområda ved Langevatnet og Lægervatna.• Ber om klar avklaring av type massehandtering (gjenbruk/deponering/mellombels lagring), då dette avgjer kva som kan akseptast.• Tiltrår å leggje vekt på støy, støv, tungtrafikk, lys og avrenning i anleggsfasen, som kan gi store ulemper i fjellområda.• Understrekar krav om ROS-analyse og at planarbeidet må forankrast i TEK17, vassforskrifta og statlege planretningslinjer | <p><u>Generelt innspel:</u></p> <p>Fråsegna vert teken til etterretning og vil bli følgt opp i konsekvensutgreiinga og det vidare planarbeidet.</p> |


| | |
|---|---|
| 40. Direktoratet for mineralforvaltning | Vår ref.: 25/335907-11 |
| <p><u>Fråsegn samanfatta:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Ser ingen konflikt mellom planområdet og registrerte mineralressursar eller uttak i drift. • Oppmodar sterkt om gjenbruk av masse for å sikre berekraftig ressursforvaltning og redusere behovet for nye uttak. • Tilrår bruk av nytt underføremål «massemottak» (SOSI-kode 1202) i plankart for område som skal nyttast til permanent eller langvarig lagring. | <p><u>Generelt innspel:</u></p> <p>Fråsegna vert teken til etterretning og vil bli følgt opp i konsekvensutgreiinga og det vidare planarbeidet.</p> |
| 41. Statens vegvesen, Norsk vegmuseum | Vår ref.: 25/335911-20 |
| <p><u>Fråsegn samanfatta:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Peikar på at kommunedelplanen går gjennom område med fleire freda objekt i Nasjonal verneplan for vegrelaterte kulturminne. • Dei aktuelle vegminna er: 146 Geirangervegen, 147 Geiranger–Blåfjellbrakka, 79 Gamle Strynefjellsveg og 80 Nye Strynefjellveg • Objektene er freda som utvalde nasjonale vegminner og har svært høg verdi etter handboka V712 (kulturminne). • Statens vegvesen understrekar at desse vegminna representerer sentrale delar av norsk vegbyggingshistorie frå omlag 1537 til i dag og utgjør eit heilskapleg, særprega vegmiljø. • Avfredning er ikkje aktuelt, då objektene inngår i eit samanhengande, landskapstilpassa og historisk viktig vegmiljø som skal bevarast for ettertida. • Kartlegging og særleg ivaretaking av chaussévegen frå 1889 (Geiranger–Otta) er eit krav i planarbeidet. • Peikar på at større strekningar av denne historiske vegen er godt bevarte innanfor fleire av dei foreslåtte masselagerområda. • Prosjektet må sikre at desse strekningane ikkje blir påverka negativt gjennom terrengingrep, masselagring eller endringar i landskapsrommet. • Oppmodar om at kulturminnefaglege vurderingar blir innarbeidde som premiss i den vidare planlegginga, og at planforslaget viser korleis vegminnene blir sikra. | <p>Fråsegna vert teken til etterretning og vil bli følgt opp i konsekvensutgreiinga og det vidare planarbeidet.</p> |

| | |
|---|--|
| | |
| 42. Skjåk kommune | Vår ref.: 25/311403-18 |
| <p><u>Fråsegn samanfatta:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Støttar prosjektet som viktig for beredskap, trafikktryggleik og vintersikkerheit, og meiner det kan gi positiv effekt for lokalt næringsliv. • Peikar på at alternativ B3 er beste tunnelalternativ – legg vegen lengst aust, gir minst konflikt med villrein og betre vinterdrift. • Ønskjer å bruke dei store massane som lokal ressurs, mellom anna til: <ul style="list-style-type: none"> – Oppgradering av rv. 15 – Lokale prosjekt og sykkeltraséar (t.d. Stuttgongen–Geirangerkrysset) – Mellombels deponi ved brøytetasjonen • Vedtek at strekinga brøytetasjonen–Geirangerkrysset ikkje skal nyttast til masselagring etter anleggsperioden. • Vil ta Skomakerdalen ut av høyringsforslaget. • Ønskjer at gammal rv. 15 skal sanerast og tilbakeførast til natur, eventuelt med klare restriksjonar dersom noko blir ståande. • Etterlyser kompensasjon og dialog gjennom heile planprosessen grunna store anleggsulemper. | Fråsegna vert teken til etterretning og vil bli følgt opp i konsekvensutgreiinga og det vidare planarbeidet. |
| 43. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) | Vår ref.: 25/294369-52/53 |
| <p><u>Fråsegn samanfatta:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Flere av dei foreslåtte masselagerområda kan medføre inngrep i vassdrag og flaumsoner, noko som vil utløyse krav om konsesjon etter vassressurslova. Dette gjeld særleg alternativ som omfattar utfylling i eller tett på vatn/elvar. • NVE frårår på generelt grunnlag masselager som inneber utfylling i vassdrag, fordi det kan endre straumforhold, redusere flaumdempande evne og skape oppstuving av vatn. • Alle masselageralternativ må vurderast for konsekvensar for naturmangfald knytt til vassdrag, inkludert fisk, kantsoner, hydrologi, erosjon og sedimenttransport. Dette må inngå tydeleg i KU. | Fråsegna vert teken til etterretning og vil bli følgt opp i konsekvensutgreiinga og det vidare planarbeidet. |

| | |
|--|--|
| <ul style="list-style-type: none"> • NVE peikar på at masselager i eller ved vassdrag kan gi auka flaum- og erosjonsfare, både i anleggsfasen og i permanent situasjon. Dette må dokumenterast. • Dersom det skal vurderast masselagring i eller nær vassdrag, bør ein starte ein parallell konsesjonsprosess etter vassressurslova, då samordning først kan skje på reguleringsplannivå. • Massedeponi som endrar terrengformasjonar må vurderast for langsiktige verknader på avrenning, grunnvatn og flaumvegar. Resultata må brukast som premiss for siling av masselager. • NVE rår til at kommunen unngår masselager som krev store terrenginngrep i høgfjellsbekkar eller innsjøar, og tilrår å velje alternativ som ikkje reduserer vassdragas overflate/flaumareal. • Ber om at alle vassdrag blir tydeleg markert i plankart, og at planen fastset krav til kantvegetasjon (vrl. §11). Dette er viktig dersom masselager blir lagt i nærleiken. | |
| <h4>44. Skjåk Almenning</h4> | Vår ref.: 25/294369-46 |
| <p><u>Fråsegn samanfatta:</u></p> <p><u>Massedeponi – hovudinnspelet</u></p> <p>Det er føreslått 11 deponiområde, dei fleste på deira grunn.</p> <p>Deponering bør skje i område med eksisterande menneskeleg aktivitet og der massane kan få gjenbruksverdi.</p> <p><u>Skjåk Almenning anbefalar desse som hovuddeponi:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • 3-1 Billingen – med justering av lokasjon litt lenger aust • Framruste – særleg aktuelt då området allereie er regulert som massetak med etablert infrastruktur. <p><u>Andre aktuelle område:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • 4-1 Framruste (sørside) – krev omlegging av veg, men best tilpassa terrenget. • 2-1 Grotli – foreslår nytt deponi aust for Strynefjellsvegen; hotellet og hytteeigarar er positive. • Kan også nyttast til framtidige næringsformål. • Masse kan nyttast til å knyte saman løypenettet for ski og sykkel (Skjåk Turløyper). | <p>Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging.</p> |

| | |
|---|--|
| <ul style="list-style-type: none"> • 1-4 Brøytestasjonen er vurdert aktuelt. <p><u>Område som bør takast ut:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • 1-6 Skomakerelva – ligg i villreinområde og nær urørt natur. | |
| 45. Breheimen nasjonalparkstyre | |
| <p><u>Fråsegn samanfatta:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Tiltrår at lokalitetane 1-1, 1-2 og 1-3 fjernast frå planområdet fordi dei ligg i svært sårbare høgfjellsområde med låg evne til naturleg attgroing. • Meiner masselagring berre bør skje aust for Breiddalen/Breiddalsvatnet, der vegetasjonen og landskapet er meir robust og tåler inngrep betre. • Peikar på at Breiddalen har ein kombinasjon av særleg sårbare naturtypar, viktige villreintrekk og høg landskapsverdi, noko som gjer større terrenginngrep uakseptable. • Påpeikar at eit av dei foreslåtte masselagringsområda ser ut til å ligge innanfor vernegrensa, truleg som følgje av kartfeil, og krev at dette blir retta. • Minner om at tiltak innanfor verneområde vil vere søknadspliktig og i utgangspunktet forbode, jf. verneforskrift og naturmangfaldlova § 62. • Peikar på at tiltak utanfor verneområde som kan påverke verneverdiane må vurderast etter naturmangfaldlova § 49 (utanforliggjande verksemd). | <p>Vår ref.: 25/335907-9</p> <p>Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging.</p> |
| 46. Breidablikk hytteeierforening | |
| <p><u>Fråsegn samanfatta:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Ber om at det unngås permanente massedeponi i Breiddalen, og at det heller lokaliseres midlertidige masselagre utenfor hytte- og rekreasjonsområder, gjerne der de er til regional nytte. • Begrense langvarig planusikkerhet for eksisterende hytteområder. • Vurdere å ta Breidablikk hyttefelt og nærliggende rekreasjonsområder eksplisitt ut av planprogram og planavgrensning. • Legge til rette for god medvirkning og løpende informasjon til berørte hytteeiere. | <p>Vår ref.: 25/294369-54</p> <p>Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging.</p> |

| | |
|---|---|
| 47. Birdlife Oppland | Vår ref.: 25/242314-21 |
| <p><u>Fråsegn samanfatta:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • BirdLife ber om at prosjektet i størst mogleg grad unngår inngrep i urørt natur planlegginga og åttvarar særleg mot deponi i våtmark, vatn og Hamseviken. | Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging. |
| 48. Stein Are Bergheim | Vår ref.: 25/242314-11 |
| <p><u>Fråsegn samanfatta:</u></p> <p>Innsippet kjem frå grunneigarar og næringsaktørar på Grotli som ønskjer å bidra med eigna areal til masselagring.</p> <p>Syner til at Statens vegvesen ønskjer nye masselager med positiv etterbruk, som t.d. nydyrking, jordheving, lokale prosjekt og mellomlager.</p> <p>Områda som blir foreslått ligg tett på rv. 15 og eksisterande infrastruktur og kan utviklast utan store ekstra inngrep.</p> <p><u>Område 1 – Hovuddeponi (gnr./bnr. 245/51, 246/51)</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Om lag 161 852 m², naturleg høgdeforskjell på rundt 20 meter. • Terreng: ulendt, delvis uframkomeleg, open fastmark og noko skog. • Ligg rett sør for Grotli Høyfjellshotell og nær eksisterande område Grotli 2-1. • Stort volum for masselagring: 400 000–800 000 m³. • God tilkomst frå rv. 15, låg fartsgrense (60 km/t) og moglegheit for sikker trafikkavvikling. | Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging. |



Område 2 – Støyskjermingsvoller

- Forslag om å etablere støyvoller mellom rv. 15 og hyttefeltet vest for Grotli hotell.
- Kan brukast både som deponi og som støytiltak. Enkel tilkomst via biloppstillingsplass ved bom.
- Estimert volum: 27 000–44 000 m³.



Område 3 – Infrastruktur i hytte- og skiområde (246/42)

- Omfattar eksisterande og regulert hyttefelt og skianlegg.
- Massar kan nyttast til forbetring av vegnett, løyper, nedfarter og anna lokal infrastruktur.
- Estimert volum: ca. 10 000 m³.

Område 4 – Skiløype / turveg / sykkelveg (Grotli–Nysæter)

- Føreslår vidareutvikling av planlagt trasé i kommuneplanen for samanhengande gang- /sykkelveg frå Dønfoss til Geirangerkrysset.
- Traseen kan flyttast og forlenges for å utnytte massar best mogleg.
- Foreslått lengde: 6,9 km.
- Estimert massemengde: ca. 11 000 m³.

- Tiltaket vil betre trafiktryggleiken langs rv. 15.



Etterbruk og vidare dialog

- Områda kan gi varig positiv etterbruk for Grotli gjennom utvikling av infrastruktur, friluftstilbod og næringsaktivitet.
- Massar vil vere enkle å hente tilbake ved behov i framtida.
- Tilbyr vidare dialog via kontaktpersonar Stein Are Bergheim og Are Bergheim.

| | |
|---|---|
| 49. Per Bårdshaug | Vår ref.: 25/242314-17,18 |
| <p><u>Fråsegn samanfatta:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Anbefaler at massedeponi må plasserast der naturtilstanden er sterkt påverka eller ødelagt frå før. • Bioloiske undersøkingar må oppdaterast. • Hamsevikje må sparast da det er våtmark og elveutløp. • Blir tunnelmassa så forurensa at det begrenser kva den kan nyttast til? | Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging. |
| 50. Erik Skogen | Vår ref.: 25/242314-22,23 |
| <p><u>Fråsegn samanfatta:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Etterlyser detaljerte beskrivingar av deponiutstrekning, høgder og volum, då dette påverkar kor alvorlege konsekvensane vil vere. • Vektlegg store negative konsekvensar for landskapsbiletet i område 1-5 og 1-6, der endringar vil bli synlege over store avstandar. • Peikar på kulturminne og spor etter eldre ferdsel i område 1-6, inkludert gamle ferdselsårer og tidlegare bruk i reindrift. • Åtvarar mot at massedeponi kan redusere opplevelsesverdien for turistar og friluftsbukarar, noko som kan påverke turistnæringa negativt. • Etterlyser visualiseringar av dei foreslåtte deponia før vidare vurdering. • Påpeikar belastningar som støy, støv, tungtrafikk, lys og avrenning gjennom fleire år i anleggsfasen. | Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging. |
| 51. Steinar Glomnes | Vår ref.: 25/242314-4 |
| <p><u>Fråsegn samanfatta:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Peiker på at massedeponi vil skape betydeleg trafikk, og at dette ikkje er omtalt godt nok i planprogrammet. • Etterlyser vurderingar av støy frå anleggsperioden, og korleis støy i bygge- og anleggsfasen skal handterast. | Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging. |

Stryn kommune

| | |
|---|--|
| 52. Direktoratet for mineralforvaltning | Vår ref.: 25/335907-11 |
| <p><u>Fråsegn samanfatta:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Ser ingen konflikter mellom planområdet og registrerte mineralressursar eller uttak i drift. • Oppmodar sterkt om gjenbruk av massar for å sikre berekraftig ressursforvaltning og redusere behovet for nye uttak. • Tilrår bruk av nytt underføremål «massemottak» (SOSI-kode 1202) i plankartet for område som skal nyttast til permanent eller langvarig lagring. | <p><u>Generelt innspel:</u></p> <p>Fråsegna vert teken til etterretning og vil følgjast opp i konsekvensutgreiinga og det vidare planarbeidet.</p> |
| 53. Statens vegvesen, Norsk vegmuseum | Vår ref.: 25/335911-20 |
| <p><u>Fråsegn samanfatta:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Peikar på at kommunedelplanen går gjennom område med fleire freda objekt i Nasjonal verneplan for vegrelaterte kulturminne. • Dei aktuelle vegminna er: 146 Geirangervegen, 147 Geiranger–Blåfjellbrakka, 79 Gamle Strynefjellsveg og 80 Nye Strynefjellveg • Objekta er freda som <i>utvalde nasjonale vegminner</i> og har <u>svært høg verdi</u> etter handboka V712 (kulturminne). • Statens vegvesen understrekar at desse vegminna representerer sentrale delar av norsk vegbyggingshistorie frå omlag 1537 til i dag og utgjør eit heilskapleg, særprega vegmiljø. • Avfredning er ikkje aktuelt, då objekta inngår i eit samanhengande, landskapstilpassa og historisk viktig vegmiljø som skal bevarast for ettertida. | <p>Fråsegna vert teken til etterretning og vil følgjast opp i konsekvensutgreiinga og det vidare planarbeidet.</p> |

| | |
|--|---|
| <ul style="list-style-type: none"> • <u>Kartlegging og særleg ivaretaking av chaussévegen frå 1889 (Geiranger–Otta) er eit krav i planarbeidet.</u> • Peikar på at større strekningar av denne historiske vegen er godt bevarte innanfor fleire av dei foreslåtte masselagerområda. • Prosjektet må sikre at desse strekningane ikkje blir påverka negativt gjennom terrenginngrep, masselagring eller endringar i landskapsrommet. • Oppmodar om at kulturminnefaglege vurderingar blir innarbeidde som premiss i den vidare planlegginga, og at planforslaget viser korleis vegminnene blir sikra. | |
| 54. Statsforvalteren i Vestland | Vår ref.: 25/335911-12 |
| <p><u>Fråsegn samanfatta:</u></p> <p><u>Planprogrammet</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Etterlyser konkret oppfølging av nasjonale forventingar pkt. 44 og tiltakshierarkiet. • Ber om at det legges inn eit eige underkapittel i planprogrammet som konkretiserer: <ul style="list-style-type: none"> • korleis ombruk av massar skal vurderast • korleis materialgjenvinning inngår i strategien • korleis ein skal søke etter nærståande prosjekt med behov for massar • krav om massehandteringsplan, inkludert type massar, kvalitet, forureiningspotensial og mengde. De viser til deres prosessorienterte sjekklister for massehandtering, og elles til rundskriv T-2/16 «Miljøforvaltningens innsigelsespraksis» pkt. 3.5. • Har ikkje sett på andre alternativ enn dei som er nemnde i planprogrammet, men vi er kjende med at det er ønskje om å flaumsikre Fosdøla for å hindre skadeflaum. Jostedalsbreen nasjonalparksenter ligg like ved utløpet av Fosdøla og var utsett for betydeleg skade i 2025. Vi oppfordrar til å kontakte dagleg leiar ved nasjonalparksenteret for å få informasjon om ønskje sikringstiltak. <p><u>Tilrådde masselagingsområde:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • 1-1 Inne i Oppljostunellen • 1-4 Inne i Grasdalstunellen Eksisterande riksveg 15 vil etter det vi forstår gå ut av bruk. Å bruke dei eksisterande tunellane på vegen til å lagre steinmassar er derfor eit svært godt framlegg | Fråsegna vert teken til etterretning og vil følgjast opp i konsekvensutgreiinga og det vidare planarbeidet. |

som vil redusere behovet for å leggje beslag på nye areal til massefylling. Det bør i samband med dette vurderast om ein ikkje også bør fjerne eksisterande veg i dagen i Grasdalen (om lag 1,1 km riksveg inkludert rasoverbygg, pluss tilgrensande grusveggar). Sjølv ei relativt enkel restaurering av landskapet i form av fjerning av asfaltdekket, utjamning av underliggjande steinmassar og å late dette gro att på naturleg vis, vil bidra godt til tilbakeføring av arealet og vere eit vesentleg pluss for villreinområdet.

- **4-1** Øvreeide - Sørlege del av området består av eit grustak, og granskog (planta) utan nemneverdig naturverdi. Vi vurderer derfor dette som ei god løysing for massedeponering. Det er tidlegare registrert ein koloni av sandsvale (raudlistestatus sårbar, VU) i området. Om arten framleis bruker området, vil det truleg vere mogleg å leggje til rette for vidare hekking i den delen av grustaket som ikkje er inkludert i deponiområdet. Nordlege delar er fulldyrka jord, og avgrensinga bør justerast for å unngå denne.
- **5-1** Eikgjola - Ein lokalitet der steinmassar kan deponerast utan nye, større naturinngrep. Arealet som er registrert som dyrka mark aust i området er i realiteten gjengrodd med skog, og mot sør er det vesentleg snakk om granskog utan nemneverdig naturverdi.

Område som kan vere gode løysingar:

- **1-10** Napen - Vi har ikkje spesielle kommentarar ut frå eksisterande kunnskapsgrunnlag.
- **1-19** Volsnesnosa - Det er positivt å ta i bruk allereie påverka natur (i dette tilfellet eit grustak), men det er viktig å sikre tiltaket mot avrenning til elva.
- **1-23** Sikring av Tunskegrova - Det er vanskeleg å sjå føre seg at dette tiltaket kan ta hand om nemneverdige mengder steinmassar, med mindre ein har tenkt å gå svært grundig til verks med flaumsikringa. Men i prinsippet har vi ikkje særlege motførestillinger. Nedre del av grova går gjennom planta granskog, som er utan spesiell naturverdi.
- **1-24** Djupesvora - Bekken er allereie påverka betydeleg i nedre del, og vi har ikkje særlege merknadar.

Usikre område pga manglande informasjon:

- **1-12, 1-13, 1-15, 1-17** og **1-18** Skora og andre område nær dyrka mark og busetnad: Det går ikkje fram av framlegget til planprogram om det her er snakk om masselagring eller om massane er tenkt brukt til å jamne ut terreng og leggje til rette for landbruksaktivitet.

- **1-14** Skora sør - Overlapp med ein naturtypelokalitet av typen slåttemark (austlegaste delområde av lokaliteten BN00001988 Haugane, Hjelledalen). Lokaliteten blei samla gitt verdien B, og er såleis å rekne som ein utvald naturtype. Kartlegginga er likevel gamal, slik at lokaliteten må undersøkast i terrenget for å finne ut om verdiane framleis er til stades.
- **3-1** Åremarka - Den austlege delen av området overlappar med ein eldre naturtypelokalitet som er klassifisert som slåttemark med verdi B, og er dermed ein utvald naturtype (BN00085114 Åremarka). På flyfoto ser lokaliteten ut til å vere heilt gjengrodd med skog, og det kan dermed vere at naturverdiane har gått tapt. Tilstand og verdi av området må derfor undersøkast i terrenget av biolog.

Område vi rår frå å bruke til masselagring:

- **1-6** Grasdalstunellen aust - Skjerdingsdalen ser på flyfoto ut til å ha mykje myr, dels stadfesta av eksisterande kartgrunnlag (som er svært mangelfullt med tanke på myr). Nordlege del av det moglege massedeponiet er markert som myr på kartgrunnlaget, og ein tilgrensande naturtype har sjeldan, kalkkrevjande flora. Det same er påvist andre stadar i Skjerdingsdalen. Vi tilrår elles generelt å unngå nye inngrep i villreinområdet
- **1-7** Ospelitonellen aust - Vi rår frå dette alternativet, dels fordi Skjerdingsdalen og Grasdalen er biologisk interessante område, men også for å unngå nye inngrep i villreinområdet.
- **1-8** Ospelitonellen vest - Delar av området er merka av som myr i kartgrunnlaget. Elles bør ein unngå nye inngrep i villreinområdet.
- **1-11** Øvre Skora - Massedeponiet går inn i den austlegaste delen av naturtypelokaliteten BN00002037 Skora Hjelledalen, av typen rik edellauvskog. Den sterkt truga raudlistearten alm er ifølgje omtalen i Naturbase dominerande i lokaliteten, noko som er sjeldan for eit såpass stort område. I tillegg er det opplyst at dei eldste og største almetrea finst lengst aust i lokaliteten. Dersom det er aktuelt å deponere tunellmassar i dette området, bør deponiområdet reduserast slik at det ikkje overlappar med naturtypelokaliteten. Verdien av lokaliteten slik han er oppgjeven i Naturbasen (B) må vurderast nærare med tanke på spreinginga av almesjuka på Vestlandet, og kan nok kome opp i A (stor regional eller nasjonal verdi).
- **1-20** Hjelle idrettsanlegg - Strynevassdraget er eit nasjonalt laksevassdrag, og Hjelledøla er anadrom strekning. Ein bør derfor unngå inngrep nær elvemunninga. Strynevassdraget er i tillegg eit verna vassdrag med særlege føringar gitt som rikspolitiske retningslinjer.

- **1-22** Juvika - Området gjeld det eine av dei to større elveutløpa i Oppstrynvatnet (det andre er ved Hjelle, nemnt over). Strynevassdraget er både verna vassdrag og nasjonalt laksevassdrag.

Område vi rår sterkt frå å bruke til masselagring:

- **1-2** Oppljostunellen nord - Alternativet ligg dels på myr, dels i eit område der fleire bekke- og elveløp samlast, og ikkje minst bør ein leggje stor vekt på å unngå denne typen inngrep i villreinområdet. Det vil heller ikkje bidra til ein betra naturtilstand i villreinområdet.
- **1-3** Grasdalstunellen sør - Flyfoto tyder på at store delar av arealet er bakkemyr, og massefyllinga vil uansett utgjere eit stort landskapsinngrep i ein urørt del av villreinområdet.
- **1-5** Testvoll NGI - Grasdalen er eit botanisk interessant område, mellom anna knytt til snøskreda som held trevegetasjonen nede og gjev opphav til store, opne område med interessant flora og raudlista artar. Både av omsyn til botanikk, villreinområdet, landskapsverdiar og høvet til å vinne tilbake eit større, urørt naturområde bør ein unngå inngrep i Grasdalen, utover å bruke tunellane til masselagring og å fjerne veg i dagen.
- **1-9** Jøl bru - Dalsøkket heller ned mot elva Glera, og det vil drenere steinstøv og anna avrenning ned i elva. Glera går dessutan her i ei bekkeløft som er særst djup og vurdert til å vere av nasjonal verdi (naturtypelokalitet BN00002038 Glera, Hjelledalen)
- **1-16** Grov/Briseldkulen - Alternativet vil øydeleggje ein svært sjeldan førekomst av naturtypen rik sump- og kjeldeskog med verdi A. Naturtypen i seg sjølv er dessutan raudlista som anten sårbar (VU) eller sterkt trua (EN) i ny raudliste for naturtypar (rett verdi kjem an på mineralnivå, og er ikkje avkart).
- **1-21** Oppstrynsvatnet - Strynevassdraget er eit nasjonalt laksevassdrag, og vi ser ikkje føre oss at ein kan dumpe store mengder steinmasser i vatnet utan å påverke livsmiljøet til laksen både i Oppstrynvatnet og ikkje minst nedover i Stryneelva.
- **2-1** Hjellane - Området grip inn i Jostedalsbreen nasjonalpark. Deponering av steinmassar er ikkje eit tiltak av «vesentleg samfunnsinteresse», jf. § 48 i naturmangfaldlova, og ein kan dermed ikkje gje dispensasjon frå verneforskrifta. Det vil generelt heller ikkje vere opning for å dispensere frå ei verneforskrift så lenge det finst alternative deponiløysingar.

Det forventast at konsekvensutgreiinga inkluderer ein full arealrekneskap, og at alle alternativ som rører jordbruksareal må utarbeide ein matjordplan som viser avtak, lagring og gjenoppbygging av jordlag, samt tilgang på jordressursar.

Landbruk og jordvern

- Prioriter masselager i tunnel og grå areal før dyrka mark vurderast. (1-1, 1-4, 4-1, 5-1)
- Skjerp krav til jordvern vurderingar
 - Eige delkapittel om jordvern
 - Krav om reetablering med helling 1:6 og 80–100 cm A+B-sjikt
 - Dokumentert matjordtilgang

Statsforvaltaren peiker på at det er vanskeleg å sjå landbruksmessig gevinst av dei fleste alternativa, med mindre tiltaket gir betydelig nydyrking eller arealaukning – noko som truleg blir avgrensa av tilgangen på matjord.

- Matjordplan som obligatorisk vedlegg for alle alternativ som rører dyrka/dyrkbar jord.
- Skora-alternativa 1-13 og 1-14 som dei mest aktuelle.
Kan førast vidare dersom jordbruksgevinst og reetablering kan dokumenterast. Kort transportveg til anleggsområdet.
- Nedprioriter alternativ med lang transport og låg landbruksnytte
1-16 Grov, 1-17/18 Brisedelkula, 3-1 Åremarka.
- Arealrekneskap skal inngå i konsekvensutgreiinga
Både midlertidig og permanent beslag + plan for nydyrking/kompensasjon.

| 55. Vestland fylkeskommune | Vår ref.: 25/335911-23 |
|---|--|
| <p><u>Fråsegn samanfatta:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • behov for betre datagrunnlag (massar, kvalitet, bruksformål) • krav om sirkulær, heilskapleg masseforvaltning • vurdering av gjenbrukspotensial og transportavstand • å unngå konfliktområde (myr, kulturminne, villrein, vassdrag) • å velje masselagringsområde på grå areal framfor nye inngrep <p><u>Planfaglege merknader</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er vanskeleg å ta stilling til alternativa før konsekvensutgreiing er gjennomført. • Klima og naturmangfald må vurderast nøye. <p><u>Masselagring og ressursforvaltning</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Planprogrammet bør vise kvar massane kjem frå, kva massetype dei er, og om masselagra er meint for mellombels lagring eller eller langsiktig gjenbruk i andre prosjekt, og ikkje berre deponering. • Overskotsmassar skal handterast etter prinsippa i ressurspyramiden, med vekt på gjenbruk og sirkulærøkonomi. Deponering skal vere siste utveg. • Det bør stipulerast mengder overskotsmassar i planprogrammet. Til dømes er det i den reviderte tilleggsutgreiinga til KVU rv. Strynefjellet frå 2016 stipulert, i kapittel 4.7 (Massedeponi), at det tilrådde tunnelalternativet B1 vil gje om lag 2,7 millionar m³ sprengt stein lagt i fylling (am³), og at fullt utbygd B2 vil gje om lag 3 mill. m³. Det er i tillegg stipulert at tunnel til Opplendskedal vil gje om lag 0,9-1,7 mill. m³. • Transportlengder og bruksformål for masselager må vurderast og har stor innverknad for prosjektkostnadene. • Steinkvalitet skulle gjerne ha inneholdt ei vurdering av kva ein kan forvente av steinkvalitet til overskotsmassane for ulike bruksformål. Dette kan vere vegkonstruksjon, betong, og | <p>Fråsegna vert teken til etterretning og vil følgjast opp i konsekvensutgreiinga og det vidare planarbeidet.</p> |

forsterknings- og bærrelag. Dette som ein viktig føresetnad for å få gode innspel om masselagring. Det bør vurderast tidleg for å sikre best mogleg ressursutnytting.

- Overskotsmassar bør vurderast regionalt, særleg opp mot manglande tilgang til knust fjell i Stryn kommune (levetidskart frå DMF). Dei peikar på at massar frå rv. 15-prosjektet kan dekke behov og redusere framtidige uttak.

Villrein

- Store delar av planområdet ligg i Reinheimen–Breheimen villreinområde.
- Omsyn til villrein skal vere sentralt i vidare planlegging.

Klima

- Prosjektet skal dokumentere både direkte og indirekte klimagassutslepp.
- Det skal identifiserast tiltak for å redusere utslepp.
- Unngå inngrep i karbonrike areal (myr, våtmark, skog).
- Bruk føre-var-prinsippet ved manglande kartlegging.

Vassforvaltning

- Regional plan for vassforvaltning skal leggast til grunn.
- Tiltak kan ikkje forringe vassmiljø utan særskilt vurdering (§12 i vassforskrifta).
- Bruk av omsynssoner, føresegner og retningsliner anbefalast.
- 100-meters byggegrense langs vassdrag er eit godt verkemiddel.

Jordvern

- Omdisponering av dyrka jord bør minimerast.
- Vestland har avgrensa jordvernbudsjett (maks 180 daa/år).

Friluftsliv

- Nokre aktuelle område for masselagring overlappar viktige friluftsområde, særleg område 1 (Hjelledalen).
- Krav om avbøtande tiltak dersom friluftsliv blir råka, t.d. visuelle tiltak eller omlegging av stiar.

Kulturminne og kulturmiljø

| | |
|---|---|
| <ul style="list-style-type: none"> • Krav om arkeologisk registrering etter kulturminnelova §9 for aktuelle område. • Område 1 har fleire kjende automatisk freda kulturminne, og høg konflikt kan utløyse motsegn. • Masselagring bør prioriterast til nedbygde/grå areal for å minske konflikt med kulturmiljøverdiar. • Tiltak i vatn kan utløse krav om marinarkologiske undersøkingar. • Gamle og nye Strynefjellsveg er freda – masselagring i desse miljøa krev dispensasjon. <p><u>Visuelle og lokale verknader</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Det må vurderast korleis masselagring påverkar landskap og omgjevnader visuelt. <p><u>Oppsummering</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Fylkeskommunen ber om særleg vektlegging av villrein, myr, vassmiljø, jordvern, kulturminne og kulturmiljø i det vidare planarbeidet. <p>Vestland fylkeskommune stiller seg til disposisjon for vidare dialog om regionale plantema og prosess.</p> | |
| 56. Stryn kommune | Vår ref.: 25/335911-17 |
| <p><u>Fråsegn samanfatta:</u></p> <p>Forslag til teknisk retting av plannamn og vedtaksdato i avsnitt 4.5 i planprogrammet.</p> | <p>Fråsegna vert teken til orientering, planprogrammet er retta opp.</p> |
| 57. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) | Vår ref.: 25/294369-53 |
| <p><u>Fråsegn samanfatta:</u></p> <p><u>Overordna vurdering</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • NVE meiner at fleire av dei foreslåtte masselagerområda i Stryn kan innebære inngrep i eller tett ved vassdrag, noko som vil krevje konsesjon etter vassressurslova. • På generelt grunnlag fråår NVE masselager som fører til utfylling i vassdrag og flaumsoner, særleg fordi desse områda også omfattar verna vassdrag (Strynevassdraget). <p><u>Masselager – konkrete risikoområde og faglege krav</u></p> | <p>Fråsegna vert teken til etterretning og vil bli følgt opp i konsekvensutgreiinga og det vidare planarbeidet.</p> |

- Nokre av dei skisserte alternativa inneber massedeponi i eller nær elver, bekkar eller innsjøar, som kan endre hydrologi, flaumtoppar og avrenning i vassdraget.
- Utfylling i flaumareal kan gi oppstuving av vatn, endra straumforhold og større skadepotensial nedstraums.
- Tiltak i eller nær vassdrag vil kunne få konsekvensar for allmenne interesser, som fisk, kantvegetasjon, biologisk mangfald, friluftsliv og landskap.

Vilkår for vidare planlegging

- Dersom Statens vegvesen ønskjer å halde fram med masselager i eller ved vassdrag, anbefaler NVE at det startast ein parallell konsesjonsprosess etter vassressurslova.
- Kommunedelplanen må innehalde tydeleg dokumentasjon av om og korleis masselageralternativ medfører inngrep i vassdrag, samt beskrive avbøtande tiltak.
- KU må omtale konsekvensar for:
 - naturverdiar i vassdrag
 - hydrologi og avrenning
 - flaum- og erosjonsfare
 - verna vassdrag og omsynssone rundt desse

Krav knytt til naturfare

- NVE forventar at konsekvensar for flaum, skred, overvatn og erosjon blir utgreidd både for anleggsfase og permanent situasjon.
- Nye terrengformasjonar frå massedeponi må vurderast for langsiktige effektar på avrenning og stabilitet.

Kart- og planfaglege krav

- Alle vassdrag må markast tydeleg i plankartet, og planen må fastsetje krav til kantvegetasjon (vrl. § 11).
- NVE tilrår bruk av arealformålet Bruk og vern av sjø og vassdrag (pbl. § 11-7 nr. 6) for å sikre god styring med vassdragsnære areal.

| | |
|---|--|
| 58. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre | Vår ref.: 25/335911-24 |
| <p><u>Fråsegn samanfatta:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Nasjonalparkstyret peikar på at planområde Hjellane ligg delvis inne i Jostedalsbreen nasjonalpark, noko som er i strid med verneforskrifta. Deponering av massar kan ikkje reknast som eit tiltak av «vesentleg samfunnsinteresser» etter naturmangfaldlova § 48, og det er dermed ikkje høve til å gi dispensasjon frå verneforskrifta. Det er heller ikkje opning for dispensasjon så lenge alternative deponiløysingar finst. Styret <u>tilrår at området ved Hjellane vert teke ut</u> av planarbeidet og ikkje vurdert vidare som masselagerområde. | <p>Fråsegna vert teken til etterretning.</p> <p>Hjellane vert tekne ut av planarbeidet og blir ikkje vurdert vidare som masselagringsområde.</p> |
| 59. Hjelle hotell | Vår ref.: 25/335911-15 |
| <p><u>Fråsegn samanfatta:</u></p> <p><u>Overordna syn på prosjektet</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Positive til styrking av infrastrukturen mellom indre Nordfjord, Austlandet og Geiranger. Framhevar den store betydninga Strynefjellsvegen har for reiselivet og lokal næringsutvikling. <p><u>Viktige omsyn for reiselivet og området</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Viktig med gode løysingar som sikrar attraktivitet, tilgang og god skilting til kjende attraksjonar (Dalsnibba, Gamle Strynefjellsvegen, fossar, stiar, setermiljø). Ønskje om at eksisterande stiar, hytter og friluftsområde blir tekne vare på, og at det leggst til rette for trygg ferdsel for gåande og syklende. <p><u>Masselager og deponi</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Store mengder tunnelmasse gir moglegheiter for samfunnsnyttig bruk. Peikar på behov for estetiske omsyn ved plassering av masser. Foreslår heving av innmark fleire stader (gnr. 20/1 m.fl.) som i dag er flomutsett. | <p>Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging.</p> |

| | |
|---|---------------------------------|
| <ul style="list-style-type: none"> • Ber om grundige undersøkingar før eventuell utfylling i Oppstrynsvatnet grunna risiko for undervasskred. • Peikar på vanskelege godkjeningsprosessar for mellombelse massedeponi, og ønskjer ei meir samla / førenkla godkjenning. <p><u>Sykkelsti og lokal ferdsel</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Etterlyser samanhengande sykkelsti mellom Skåre og Nesje grunna aukande bruk av sykkel. <p><u>Trafikksikkerheit ved skule og barnehage</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Massetransport knytt til områda 1–20 (Hjelle idrettsanlegg) og 1–19 (Volsnesnosa) kan krevje bru over elva. • Viktig med særleg omsyn til tryggleik for mjuke trafikantar og barn ved Oppstryn skule og barnehage. <p><u>Slitasje på vegar</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Forventar stor belastning og tungtransport på vegar som ikkje er dimensjonert for dette. • Tilrår tiltak både før og etter anleggsperioden. <p><u>Driftsomsyn for Hjelle Hotel</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Anleggsperioden kan gje store utfordringar for hoteldrifta dersom vegsambandet aust–vest vert redusert. Det er viktig at veggen ikkje blir stengd meir enn nødvendig. • Hotellet er normalt ope berre sommarstid, men kan halde ope heile året om nødvendig i anleggsperioden. <p><u>Verknader av forslaget om arm til Geiranger</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Ser store moglegheiter for turismen, spesielt i for- og ettersesong og potensielt for heilårsturisme. | |
| <p>60. Oppstryn Bondelag m/Rolf Olav Gjørven</p> | <p>Vår ref.: 25/242314-9,27</p> |
| <p>Fråsegn samanfatta:</p> | |

| | |
|---|--|
| <ul style="list-style-type: none"> • Oppstryn Bondelag er positive til ny Strynefjellstunell. Tett dialog med grunneigarane og god informasjon er viktig. • Overskotsmasse til heving av landbruksareal og sikring mot flaum og ras er gode alternativ. • Det er viktig for beitebruken at det blir mogeleg å ferdast til Skjæringsdalen og Grasdalen via dei gamle tunellane. • Grasdalen må og kunne brukast vidare ved å halde opne dei gamle tunellane. • Alternativet lengst vest på Strynesida tek minst matjord og er vårt ønske av dei som ligg som forslag. | <p>Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging.</p> |
| <h2>61. Norske lakseelver</h2> | <p>Vår ref.: 25/335911-22</p> |
| <p><u>Fråsegn samanfatta:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Prosjektet vil påverke nedbørsfeltet til Strynevassdraget, som både er <ul style="list-style-type: none"> ○ nasjonalt laksevassdrag og ○ verna vassdrag etter Verneplan IV. • Understrekar at desse verneregima skal leggjast til grunn i arealplanlegging, i tråd med vannforskrifta sine miljømål (beskytte mot forringing og oppnå minst god tilstand). • Gjer merksam på at beskyttelsesregimet for nasjonale laksevassdrag er fastsett gjennom plenarvedtak i Stortinget, og dermed bindande for staten. Prinsippet er at samla belastning over tid ikkje skal auke, men redusere risikoen for villaksen. • Peikar på at villaks- og sjørretbestandane i Strynevassdraget er sårbare: <ul style="list-style-type: none"> ○ Laksebestanden: vurdert som «<u>svært dårleg</u>» (Vitenskapelig råd for lakseforvaltning). ○ Sjørret: vurdert som «<u>dårleg</u>». ○ Villaks: framleis «<u>nær trua</u>» på norsk rødliste. <p><u>Risiko knytt til dei foreslåtte massedeponia:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Avrenning frå sprengstoffrestar (nitrogenforbindelsar), metallar og eventuelt surt vatn frå sulfidhaldige bergartar kan skade fisk og bunnfauna. | <p>Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging.</p> |

| | |
|---|---|
| <ul style="list-style-type: none"> • Finstoff kan tette gyte- og oppveksthabitat (grus/stein), særleg ved deponi nær vassdrag, ved anleggsarbeid, flytting av jord og knusing av massar. • Risikoen aukar dersom deponi blir lagt nær bekkar/elvearmar eller i sjølve vassdraget, inkludert <u>Oppstrynsvatnet</u>, som peikast på som særleg uheldig. <p><u>Innspel til vidare utredningar og prosess:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Fleire av dei foreslåtte masselagerområda inneber inngrep i eller nær vassdraget og vil etter deira vurdering <u>utløyse konsesjonsplikt etter vassressurslova</u>. • Dei meiner at massedeponi i eller tett ved Strynevassdraget vil ha <u>uakseptabel risiko</u> for fiskebestandane. • Deponi må plasserast slik at avrenning <i>ikkje kan nå vassdraget</i>, heller ikkje under flaum, snøsmelting eller ekstremvær. • Ber om at vidare utgreiingar: <ul style="list-style-type: none"> ○ systematisk vurderer og kvantifiserer avrenningsrisiko for kvart enkelt alternativ ○ klargjer konkrete sikringstiltak som <u>garanterer ingen negativ påverknad</u> på fisk, bunnfauna eller vassmiljøet. | |
| <h2>62. Asbjørn Berge</h2> | Vår ref.: 25/294369-56 |
| <p><u>Fråsegn samanfatta:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • I Hjeldebakkane ved Hjelle sentrum ligg eit byggjefelt med 15 bustadar, og siste kommunedelplan set av areal til 5–6 nye bustadar. • Den gamle landbruksvegen til Hjellevonga går gjennom bustadfeltet, men er ikkje dimensjonert for dagens store landbruksmaskiner og er lite ønskjeleg som ferdselsåre gjennom bustadområdet. • Foreslår å etablere ny landbruksveg som skildra i vedlagt kart. Dette vil: <ul style="list-style-type: none"> ○ gi bøndene kortare og betre tilkomst ○ skjerme bustadfeltet frå landbrukstrafikk | Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging. |

| | |
|---|--|
| <ul style="list-style-type: none"> • Den nye vegen kan utformast slik at ein kan plassere massar som rasvoll mot Hjelleuksen, ei fonn som jamleg når området der vegen går opp mot Hjellevonga. • Ønskjer at ein vurderer om tunnelmassar kan nyttast i samband med sikring av Gardsbeitet, noko som eventuelt kan opne for utviding av bustadfeltet vidare mot Hjelleyhrna. • Innsendar peikar på at Oppstrynbygda treng trygge buområde og gode areal for vidare utvikling. | |
| 63. Ingolf Folven | Vår ref.: 25/294637-2,6,15 |
| <p>Fråsegn samanfatta:</p> <p><u>Riggområde/anleggskontor</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Foreslått plassering: Vest for Bjørkhaugen • Ca. 60 daa, hovudsakleg utmark. • Lite skredutsett, småkupert og flatt nok for maskinoppstilling og administrasjon. • Lite konflikt med busetnad og landbruk. <p><u>Brakkerigg/bustadrigg</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Foreslått plassering: Barvadet / Barvadsvingen • Lett skrånande og skred- og flaumsikkert område. • Ligg over marin grense → ingen kvikkleireproblematikk. • Ca. 50 daa, i hovudsak utmark / marginalt jordbruksareal. • Kan få framtidig verdi som bustad-/næringsareal etter anleggsperioden. • Ligg skjermet frå støy og nært lokal infrastruktur (butikk, kafe, ladestasjon). <p><u>Massedeponi</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Foreslått plassering: Guddalsøyane, aust for Bjørkhaugen • 150 daa+ utmark med lauvskog, lite bruksverdi som beite. • Kan handtere 1,5–2 mill. m³ masse utan å dominere landskapet. | <p>Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging.</p> |

| | |
|---|--|
| <ul style="list-style-type: none"> • Kort transportveg → låg kostnad, mindre utslepp, ingen massetransport på offentleg veg. • Med erosjonssikring av elvekant mot nord vil ein ikkje påverke flaum- og vassdragsforhold. • Kan nyttast vidare etter anlegg, og massar kan hentast ut att om nødvendig (god logistikk). <p><u>Overordna vurderingar det legges særleg vekt på:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Jordvern og vern av vassdrag. • Skredfare og tryggleik. • Minimale ulemper for nærmiljø og busetnad. • At areala i Hjelledalen er tronge og få skredfrie alternativ finst. • At eit godt aust–vest samband med høg regularitet er avgjerande. | |
| <p>64. Reidar Gjørven</p> | |
| <p>Fråsegn samanfatta:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Påpeikar at Hjelledalen er eit område med stor turistrasikk og viktig lokal inntektskjelde. • Understrekar behovet for strenge miljøomsyn til Oppstrynsvatnet. • Reagerer sterkt på kartskisse som kan gi inntrykk av mogleg massedeponi i Hjellebukta, og omtalar dette som vandalisme som vil skape store protestar lokalt. <p><u>Kulturhistoriske verdiar:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Hjelle er eit område med <u>betydelig kulturhistorisk verdi</u>. Peikar på at dette kulturmiljøet er sårbart og må takast særleg omsyn til. • Viser til undersøking frå Universitetet i Bergen (2005) av eit vikingtids tunanlegg: <i>«Tuftene på Hjelle har konstruksjons- og funksjonselementer som en finner igjen både i langhusene og i de små, enkle husene fra vikingtiden. Dette synliggjør tradisjonssammenhengen i vikingtidens husbygging. Det kan i tillegg det kan erkjennes bygningsmessige særtrekk ved Hjellemusene som ikke tidligere er påvist på</i> | <p>Vår ref.: 25/335911-13</p> <p>Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging.</p> |

| | |
|---|--|
| <p><i>norsk område, og som derfor bidrar til ny kunnskap om hus og byggeskikk i denne perioden".</i></p> <p><u>Reiseliv, friluftsliv og lokal bruk:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Hjelle Hotel og Motellet er et attraktivt turistmål, med populære badestrender på Gardssanden og Hjelleodden, her er det også isbading hele vinteren. • Det reine vatnet er en viktig ressurs, og vi har fiska ål, ørret og røye her.Hjelle Hotel og motellområdet er sentrale turistattraksjonar. • Den smale og svingete veien er ikke egna til massetransport, og støv og bråk fra lastebilene vil ødelegge Hjelletunets verdi som turistdestinasjon. • Idrettsplassen med volleyballbane i Lund er stor nok som den er i dag. • Stranda i Lund er ei populær badestrand, både for fastboende og turister. <p><u>Trafikk og ulemper ved massetransport:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Vegen gjennom Hjelle er smal og svingete, og vurderast som ueigna for omfattande massetransport. Støv, støy og tungtrafikk vil forringe verdien av Hjelletunet som turistmål og stille naturmiljø. | |
| <p>65. Sverre Guddal</p> | <p>Vår ref.: 25/335911-14</p> |
| <p><u>Fråsegn samanfatta:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Peikar på at massedeponi er eit av dei mest krevjande temaene i planprosessen, både med omsyn til areal, kostnader og logistikk. <p><u>Forslag til areal for massedeponi på Guddalsøyane</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Foreslår at massedeponi bør plasserast aust for Bjørkhaugane, i området som på kart heiter Guddalsøyane. Området er om lag 150 dekar, og kan eventuelt nyttast meir effektivt avhengig av terrengtilpassing. Mener området kan ta imot svært store masser, anslagsvis 1,5–2 millionar m³, utan at det vil verke dominerande eller visuelt skjemma i landskapet. <p><u>Fordelar ved dette alternativet:</u></p> | <p>Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging.</p> |

| | |
|---|---|
| <ul style="list-style-type: none"> • Unngår problem knytt til aksellast, omlasting og mellomlagring, sidan ein slepp å køyre massar på offentleg veg. • Logistikken blir enklare, tryggare og meir effektiv når transporten kan gå heilt internt. • Området ligg skjerma til mellom Bjørkhaugane og innmarka på Skåre, noko som begrensar påverknad på busetnad og friluftsområde. | |
| 66. Einar T. Sundal | Vår ref.: 25/335911-16 |
| <p><u>Fråsegn samanfatta:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Innsendar er grunneigar og berørt part langs rv. 15 ved Erdal/Kupenes, et område som i dag har dårlig trafiksikkerhet. • Påpeker at ny vil gi ei reell og varig endring i trafikkbildet på rv. 15, med fleire og saktegåande tunge køyretøy og meir aktivitet langs vegarealet. Det stilles bekymring rundt en forverring av trafiksikkerheten, der det i dag er kryssende ferdsel av kjæretøy og myke trafikanter, begrensede siktforhold, høy andel tungtrafikk og manglende gang- og sykkelinfrastruktur. • Viser til Nullvisjonen der trafiksikkerhet ivaretas gjennom <u>forebyggende tiltak</u>, og ikke først etter at alvorlige hendelser har inntruffet. • Mener at planarbeidet må se på tiltak som bedrar trafiksikkerhet på eksisterende rv. 15 under anleggsperioden og ved ferdig ny veg. Det bør også vurderes midlertidige og/eller permanente fartsreducerende tiltak på berørte strekninger av rv.15. • | Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging. |
| 67. Vivian Guddal | Vår ref.: 25/335911-18 |
| <p><u>Fråsegn samanfatta:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Peikar på at området er inngangsporten til Jostedalsbreen nasjonalpark og ein del av den eldgamle ferdselsåra over Strynefjellet (Kamperhamrane). • Meiner at inngrep i dalføret vil øydeleggje eit viktig natur- og kulturhistorisk område for all framtid. <p><u>Gardsdrift og beitebruk:</u></p> | Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging. |


| | |
|--|--|
| <ul style="list-style-type: none"> • Innsendar brukar dalføret i planområde 2 til beiteflytting av storfe til og frå Sunndalssætra. • Området er nødvendig for gardsdrifta, både før og etter fjellbeite. • Massedeponi på Gotene vil ha stor negativ påverknad på dyrehald og driftsmoglegheiter. <p><u>Veg og transport:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Veggen frå rv. 15 inn mot Sunndalen er ikkje dimensjonert for tungtransport. • Det vil krevje betydelege oppgraderingar, forsterking og vegutviding dersom massedeponi vert etablert her. <p><u>Miljøomsyn og vassdrag:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Avrenning frå deponiet vil kunne påverke varig verna vassdrag, noko som blir vurdert som svært uheldig. <p>Innsendar ber om at Gotene og det aktuelle dalføret blir teke ut av planområdet og ikkje vidare vurdert som massedeponi.</p> | |
| <p>68. Cato Gjørven</p> | <p>Vår ref.: 25/335911-19</p> |
| <p><u>Fråsegn samanfatta:</u></p> <p>Har merknad til fleire av dei foreslåtte masselagringsområda i planområde 1, særleg knytt til tettstaden Hjelle og Oppstrynsvatnet</p> <p><u>Uakseptabel belastning for kulturmiljø, bumiljø og landskap i Hjelle tettstad</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Hjelle er eit lite og sårbart tettstad lokalisert i eit trangt dalføre med bratte fjellsider, noko som gir kraftig forsterkning av støy, støv og visuelle inngrep. • Området er eit svært verdifullt kulturmiljø, knytt til Gamle Strynefjellsveg, historisk ferdsel, reiseliv og landskapsopplevinga rundt Oppstrynsvatnet. Planprogrammet peikar sjølv på at planområdet inneheld viktige kulturminne, kulturmiljø og kulturhistoriske landskap, der Hjelle er sentralt. • Massedeponi på område 1-19 Vollsnesnosa og 1-20 Hjelle idrettsanlegg vil føre til: | <p>Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging.</p> |

| | |
|---|--|
| <ul style="list-style-type: none">○ store og varige natur- og terrenginngrep○ forringing av kulturmiljø, bumiljø og rekreasjonsareal○ svekking av Hjelle som turistmål og opplevingsområde• Anleggstrafikk gjennom tettstaden vil overstige det infrastrukturen tolerer, og gi langvarig belastning i form av støy, vibrasjonar og støv.• <p><u>Høg risiko for skade på Oppstrynsvatnet, fiskeressursar og naturmiljøet (1-20, 1-21, 1-22)</u></p> <ul style="list-style-type: none">• Oppstrynsvatnet er eit sentralt landskapselement og viktig for friluftsliv, turisme og fiske.• Vatnet har viktige bestandar av røye, ørret, laks og ein sterkt trua europeisk ål (<i>Anguilla anguilla</i>).• Deponialternativa 1-20 Hjelle idrettsanlegg, 1-21 Oppstrynsvatnet og 1-22 Juvika vil ha store negative konsekvensar for vassmiljøet, inkludert:<ul style="list-style-type: none">○ direkte nedbygging av ferskvassareal○ risiko for skade på elveos og innløp (Hjelledøla, Erdøla)○ tilslamming av gyteområde for Strynevassdraget○ mogleg irreversibel skade på fiskebestandane○ forverring av vasskvalitet i både Oppstrynsvatnet og nedstraums○ tap av naturkvalitetar, friluftsliv og opplevingsverdi• Tiltaka vil vere i konflikt med naturmangfaldlova, vannforskrifta og nasjonale føringar for verna vassdrag.• I tillegg kjem omfattande støy, støv og trafikkbelastning som vil redusere bumiljø og livskvalitet i Hjelle. <p><u>Øydeleggende trafikkbelastning for Hjelle tettstad (1-19, 1-20, 1-21, 1-22)</u></p> <ul style="list-style-type: none">• Alle dei foreslåtte områda krev omfattande massetransport gjennom eller nær Hjelle, i eit område som ikkje er dimensjonert for dette.• Dette inneber: | |
|---|--|

| | |
|--|---|
| <ul style="list-style-type: none"> ○ alvorlege miljøbelastningar i form av trafikk, støy og støv ○ redusert bokvalitet og skade på det bevaringsverdige kulturmiljøet ○ svekka verdi som turistmål og rekreasjonsområde ○ betydeleg risiko for trafikksikkerheit, særleg for mjuke trafikantar. <p><u>Konklusjon:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Foreslåtte masselager i områda 1-19 Vollsnesnosa, 1-20 Hjelle idrettsanlegg, 1-21 Oppstrynsvatnet og 1-22 Juvika vil gi uakseptable inngrep i eit av dei mest verdifulle natur-, kultur- og opplevingsområda i Stryn og Nordfjord. • Tiltaka vurderast å ha høg negativ konsekvens for landskap, vassmiljø, naturressursar, kulturmiljø, bumiljø og reiseliv. Områda blir vurdert som ueigna allereie i silingsfasen. Innsendar ber om at desse alternativa blir tatt ut av vidare planlegging og konsekvensutgreiing, og varslar at fleire innspel kan kome. | |
| 69. Lasse Erdal | Vår ref.: 25/335911-21 |
| <p><u>Fråsegn samanfatta:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Viser til dialog om eigedomen Strynevegen 2669, som innsendaren eig. • Peikar på at den delen av eigedomen som ligg nærast rv. 15 er om lag 3,5–4 dekar og kan vere aktuell for masselagring. Dette arealet er i dag dyrka mark og blir slått; eventuell omdisponering må avklarast med Stryn kommune. • Resten av eigedomen er bratt terreng og vurderast som ueigna for masselagring. | Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging. |
| 70. Kari-Ann Kaspersen | Vår ref.: 25/242314-6 |

Fråsegn samanfatta:

Foreslår eit permanent massedeponi på Vollsnes, både i Vollsnesnosa og på to flater ved elva. Massar kan også brukast til å stabilisere og tilbakeføre eit gammalt masseuttak frå 1970-talet. I tillegg kan stein nyttast til å sikre elvemunninga i Hjelledøla, beskytte jordbruksareal og etablere molo som skjermar idrettsanlegg, badestrand og ei mogleg båthamn.




Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging.

71. Are Auflem Tenden

Vår ref.: 25/242314-8


Fråsegn samanfatta:

Foreslår å bruke ein teig som årleg blir råka av flaum frå elva som område for masselager. Skogen er nyleg hogd, og området kan dermed eigne seg for fylling, så lenge tiltaket ikkje påverkar dyrkamark på naboieigedomar eller endrar elveløpet i Hjelledøla.



Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging.

| | |
|--|--|
| <h2>72. John Magne Erdal</h2> | Vår ref.: 25/242314-10 |
| <p>Fråsegn samanfatta:</p> <p>Innspel til riggområder og masselagre i Stryn kommune:</p> <p>Grunneigar peikar på fleire område på eigedommen (Gnr. 1, Bnr. 21) der det vil vere svært nyttig å heve landbruksjorda.</p> <p>To av dei aktuelle områda, som ligg på begge sider av rv. 15 ved Erdalssida av Hjelletunnelen, kan òg egna seg som riggområde i anleggsperioden grunna enkel tilkomst. Det er ønske om synfaring og vidare dialog med prosjekt- eller planleggingsleiar om desse moglegheitene.</p> <p>I tillegg blir det understreka behov for ein trygg gang- og sykkelveg langs rv. 15 på grunn av stor trafikk og mykje tungtransport.</p> <p>Til slutt foreslås at tunnelmassar kan nyttast til å utvikle nye bustadområde, som det er stor etterspurnad etter i Oppstryn.</p> | <p>Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging.</p> |
| <h2>73. Knut Olav Øvreeide</h2> | Vår ref.: 25/242314-12 |
| <p>Fråsegn samanfatta:</p> <p>Innspel til masselagre på Øvreeide i Stryn kommune.</p> <p>Grunneigar på gnr/bnr 65/1, 65/2, 65/10 og 65/16 i Stryn kommune</p> <ul style="list-style-type: none"> Foreslår utviding av planområdet på Øvreeide. Varsla planområde omfattar eigedom 65/1, der det både er aktivt landbruk og eit massetak. Området har tidlegare teke imot store mengder tunnelmassar, mellom anna frå Flo-tunnelen. | <p>Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging.</p> |



| | |
|---|--|
| <ul style="list-style-type: none"> • Grunneigar foreslår at planområdet blir utvida til også å inkludere massetaka på eigedom 65/2, der det no er låg eller ingen drift. Sidan same eigar disponerer både 65/1 og 65/2, er det naturleg å sjå dei to områda som eitt samla prosjekt. Dette vil òg opne for eit større totalvolum for mottak av tunnelmassar – anslått til om lag 1,3 millionar m³. • Hovudmålet er å tilbakeføre areal til dyrka mark. Grunneigar peikar på at mangel på grovfôrareal og spreieareal er ein flaskehals for dagens drift. Nydyrking i området kan bidra til å kompensere for matjord som blir bygd ned ved tunnelprosjektet i Oppstryn. • I tillegg er eigar open for å setje av areal til vidare foredling av tunnelmassar, eventuelt å leggje til rette for næringsareal dersom planarbeidet vurderer dette som aktuelt. • Grunneigar meiner området vil vere godt egna som masselager også vinterstid, og ber om at Øvreeide blir prioritert i silingsprosessen og konsekvensutgreiinga. Det blir òg uttrykt vilje til vidare dialog dersom planarbeidet ser andre moglegheiter. | |
| 74. Margaret Skåre | |
| <p><u>Fråsegn samanfatta:</u> <u>Massedeponi og anleggsområde</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Areal aust for A1 (Guddalsøyane) blir peika på som godt eigna for permanent lagring av tunnelmassar. Området har tidlegare vore utmarksbeite, men er no lite nytta. • Humlegardhogane vest for A1 blir skildra som godt eigna for oppstilling av anleggsmaskiner. <p><u>Anleggsbrakker</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Området sør for Barvadsvingen blir foreslått som trygg og tidlegare planlagt plassering for brakkerigg. Dette blir framheva som ein av få trygge stader i dalen. <p><u>Bruk av steinmassar</u></p> <p>Foreslår at overskotsmassar blir brukt til:</p> | <p>Vår ref.: 25/294637-16</p> <p>Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging.</p> |

| | |
|---|---|
| <ul style="list-style-type: none">• etablering av sammanhengande gang- og sykkelveg i Oppstryn, grunna trafikkfare og mykje autovern• heving av jordbruksareal på Bolstadøyane/Hjelleøyane og på Grande, der gang- og sykkelveg også bør byggast | |
| 75. Gunnar Harstad | Vår ref.: 25/294637-7 |
| <p><u>Fråsegn samanfatta:</u></p> <ul style="list-style-type: none">• Tunnelmassar må ikkje fyllast i Oppstrynsvatnet, og at Grasdalsstunnelen må haldast open fordi både bønder og friluftsfolk er avhengige av tilkomsten heile året.• Det blir peika på fleire utfordringar med foreslegne massedeponi, særleg ved Vollsnesnosa på grunn av kulturhistorisk sti og mykje friluftsbuk, og ved Lund og Hjellebukta på grunn av nærleik til skule, idrettsanlegg, bebyggelse og turistanlegg.• Ved Skåre minnes om at lysløypa til Oppstryn IL må takast omsyn til. | Innspelet blir teke til orientering og vil takast med i vidare planlegging. |



Statens vegvesen
Pb. 1010 Nordre Ål
2605 Lillehammer

Tlf: (+47) 22 07 30 00

firmapost@vegvesen.no

vegvesen.no

Tryggere, enklere og grønnere reisehverdag